



Skjåk kommune
Økonomiplan
2019 - 2022

Økonomiplan 2019 - 2022

1. Overordna perspektiv	3
1.1. Rådmannen sine kommentarar	3
1.2. Budsjettprosessen	9
1.3. Overordna mål	9
1.4. Samfunn	11
1.4.1. Utvikling i folketal	11
1.4.2. Næringsutvikling og samfunnsutvikling	11
1.5. Brukarmedverknad	13
1.6. KOSTRA	14
1.7. Målkort	15
2. Økonomi	17
2.1. Faglege økonomiske råd og risiko	17
2.1.1. Resultatgrad	17
2.1.2. Gjeld og finans	18
2.1.3. Likviditet	19
2.1.4. Handlingsrom	19
2.1.5. Variable postar	19
2.2. Drift og rammebetingelsar	21
2.2.1. Hovudoversikt	21
2.2.2. Rammer	23
2.2.3. Løn og pensjon	24
2.2.4. Kraftinntekter	24
2.3. Investeringar	25
2.3.1. Samleoversikt	25
2.3.2. Skjåkhallen	26
2.3.3. Vatn, avlaup og renovasjon	27
2.3.4. HFF bustader	28
2.3.5. Barnehagestruktur	28
2.3.6. Sentrumsplan	28
2.3.7. Tomteområde	29
2.4. Balansepostar	29
2.4.1. Eigedomar og anlegg	29
2.4.2. Fond	30
2.4.3. Arbeidskapital	30
2.5. Framtidsutsikter økonomi	30
3. Medarbeidarar	32
3.1. Hovudmålsettingar	32
3.2. Arbeidstid og heiltidskultur	32
3.3. Fråvær	33

Økonomiplan 2019 - 2022

3.4. Kompetanseutvikling og rekruttering	33
4. Presentasjon av hovudområde	34
4.1. Administrasjon og støttefunksjonar	34
4.1.1. Stab	34
4.1.2. Miljø, plan og beredskap	35
4.1.3. Oppsummering av viktigaste endringar frå 2018 til 2019	36
4.2. Oppvekst og utdanning	37
4.2.1. Barnehage	37
4.2.2. Skjåk barne- og ungdomskule	38
4.2.3. Kulturskule	39
4.2.4. Flyktningar, vaksenopplæring og PPT	39
4.2.5. Oppsummering av endringar i økonomiplan frå 2018 til 2019	40
4.3. Helse og omsorg	41
4.3.1. Pleie og omsorgstenester	41
4.3.2. Helsetenester	43
4.3.3. Helsestasjon	44
4.3.4. Barnevern	45
4.3.5. NAV	45
4.3.6. Oppsummering av endringar frå 2018 til 2019	45
4.4. Kultur, teknisk og næring	47
4.4.1. Kultur	47
4.4.2. Teknisk	47
4.4.3. Næring	48

1. Overordna perspektiv

Økonomiplan gjeld for perioden 2019 – 2022. Det er lagt opp til å bruke same mal på økonomiplan og årsmelding, fordi økonomiplan er planlegging og årsmeldinga er rapportering.

1.1. Rådmannen sine kommentarar

Innleiing

Skjåk kommune tilbyr jamt over svært gode tenester til sine innbyggjarar. På same tid har kommunen eit næringsfond til nytte for dei som vil etablere eller utvikle arbeidsplassar. God styring gjennom ein realistisk økonomiplan er viktig for å sikre stabile tenester og bevare trygge arbeidsplassar. På den måten blir Skjåk ein god kommune både å bu og arbeide i.

Ei utfordring over år har vore at driftsutgiftene har vore for høge i høve driftsinntektene. Det har vore gjort gode grep for å redusere utgiftene, men det har også på fleire område vorte avdekt nye eller veksande behov som måtte bli finansierte innafor den økonomiske driftsramma. I tillegg har Stortinget vedtatt ei rekkje nye lovkrav for kommunane som ikkje har vore fullfinansierte. Døme på dette er bemanningsnorm i barnehage, lærarnorm i skule, ny personvernlov, akuttberedskap i barneverntenestene, krav til psykolog i alle kommunar frå 2020, m.m. Det er ikkje til å leggje skjul på at stadige forventningar og krav frå statlege styresmakter til kommunane blir meir og meir utfordrande når det ikkje følgjer med tilstrekkeleg finansiering.

Likevel har Skjåk kommune i dette økonomiske landskapet greidd å realisere viktige satsingar. Den nye barne- og ungdomsskulen stod ferdig sommaren 2018 etter ei lengre byggeperiode. Skjåkheimen stod ferdig renoverert omtrent på same tid. Dette er store investeringar som innbyggjarane vil ha stor glede av i mange år, men som naturlegvis også har ført til auka lånegjeld og dermed utfordrar det kommunale driftsbudsjettet. Med nyskulen er det gjort eit viktig grep i å effektivisere drifta i grunnskulen i Skjåk. I barnehagestrukturen er kommunen i gang med ei liknande endring, gjennom vedtak i kommunestyret om å redusere frå tre til to barnehagar (sak 81/17, stadfesta i sak 50/18).

Det ser ut til at utviklinga med endring i alderssamanstelling i befolkninga vil halde fram. I 2040 kan nesten kvar tredje innbyggjar i Skjåk vera alderspensjonist, og dette tvingar fram ei gradvis omfordeling av dei økonomiske ressursane mellom dei ulike tenestene i kommunen. På same tid skal kommunen føre vidare tidlegare vedtekne statlege satsingar og føringar og implementere nye. Dette fordrar at kommunestyret gjer nødvendige prioriteringar.

Økonomiplanen som del av kommuneplanen sin handlingsplan

Kommunestyret har vedteke at tilrådingar og tiltak i kommunedelplanen (samfunnsdelen) sin handlingsplan skal følgjast opp i dei årlege rulleringane av økonomiplanen (sak 6/18). Det blir vist til investeringsbudsjettet, der det m.a. er avsett kr 3,0 mill. til tiltak i sentrumsplanen.

Inntektssystemet og prinsippet om likeverdige tenester i alle norske kommunar

Kommunane sine frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskott. Inntektssystemet bygger på eit rammefinansieringsprinsipp der staten fastset rammene, medan det er kommunestyra som prioriterer korleis inntektene skal nyttast. Prioriteringane må likevel skje slik at kommunane oppfyller sine lovpålagte plikter knytt til dei ulike tenestene. Likeverdige tenestetilbod til alle innbyggjarar uavhengig av kva for kommune ein bur i er ein grunnleggande føresetnad i det norske samfunnet. I inntektssystemet blir dette prinsippet sikra gjennom ordningar for omfordeling som fullt ut blir finansierte av kommunane sjølve:

Økonomiplan 2019 - 2022

- Gjennom skatteutjamninga må kommunar med høge inntekter frå skatt på inntekt og formue overføre delar av sine inntekter til kommunar med låge skatteinntekter.
- I utgiftsutjamninga får kvar kommune rekna ut sitt behov ut frå alderssamansetjing i befolkninga og visse sosioøkonomiske karakteristika. Kommunar som har eit behov pr. innbyggjar over landsgjennomsnittet får eit tillegg i sitt rammetilskott. Dette blir fullt og heilt finansiert gjennom tilsvarande trekk i rammetilskottet til kommunar som har lågare behov enn landsgjennomsnittet.

Eigedomsskatt – endringar i reglane som gjeld verk og bruk

Stortinget har med verknad frå skattåret 2019 vedtatt nye reglar for skattlegging av verk og bruk. Endringane betyr at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal vera med i grunnlaget for eigedomsskatt, og at verk og bruk ikkje lenger skal vera eigen kategori i eigedomsskatten. For å gje kommunane tid til å tilpasse seg at inntektene fell bort er det vedtatt ein overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4. Stortinget har i november 2018 presisert at kommunar som får reduserte inntekter som følgje av endringa skal få full kompensasjon, og at den konkrete storleiken på ordninga skal bli synleggjort i revidert budsjett for 2019.

Eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar

Eigedomsskatt er ein kommunal skatt, dvs. at det er opp til det enkelte kommunestyre å skrive ut. Det er også kommunestyret som fullt og heilt rår over disponeringa av denne inntektskjelda.


I framlegg til økonomiplan 2018 – 2021 foreslo rådmannen at Skjåk kommune skulle innføre eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar med verknad frå 2020, men dette vart avvist av kommunestyret (sak 82/17). Grunngeving for forslaget var å kompensere for reduserte inntekter i det statlege rammetilskottet som følgje av nedgang i folketalet.

Regjeringa har i forslag til statsbudsjett for 2019 foreslått ein del endringar i eigedomsskattelova, m.a. at maksimalsatsen for skatt skal reduserast frå 7 til 5 promille.

Folketal og framskriving

Kunnskap om korleis befolkninga er samansett og endrar seg (demografi) er grunnleggande føresetnad for å drive god økonomisk planlegging. Rammetilskottet frå staten er i stor grad knytt opp mot dei demografiske faktorane, og kommunen må sjølv ha nødvendig kunnskap om utviklinga for å kunne gjera nødvendige prioriteringar og planlegge endringar. Statistisk sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar er sjølvstøtt ingen fasit på korleis utviklinga blir, men må meir sjåast som eit verktøy for å vurdere nødvendige tiltak.

Folketalet i region Nord-Gudbrandsdal har over mange år hatt ein jamn nedgang. Berre i Skjåk har folketalet minka med 152 i perioden 1.1.2008 til 1.1.2018. Framskrivinga viser at utviklinga vil halde fram, men i tillegg til sjølve nedgangen er det endringar i samansetting som gjev stor grunn til merksemd. Den yrkesaktive delen av befolkninga kan nemleg koma til å gå ned med om lag 250 personar samtidig som talet på pensjonistar aukar med om lag 110, og heile auken blant pensjonistane kjem i aldersgruppa 80 år + (SSB, alternativ MMMM).



Skjåk kommune må i si planlegging og i sine strategiske val legge dei forventa endringane i demografien til grunn. Vil kommunen som følgje av dette prioritere meir ressursar til eldreomsorga og desto mindre til barn og unge? Kva for nye

Økonomiplan 2019 - 2022

problemstillingar kjem opp da? Er framskrivinga for aldersgruppa 0-19 år for optimistisk når ein ser den fallande kurven i 20-66 år? Korleis rekruttere nok arbeidskraft til dei lovpålagte tenestene når ein ser nedgangen i talet på personar i arbeidsdyktig alder? Korleis kan dei friske innbyggjarane i gruppa 67 år + bli motiverte til å jobbe lenger, eller vera ein tilleggsressurs som vikarar i arbeidslivet, eller engasjere seg som frivillige i samfunnsnyttig innsats?

Det ligg ikkje an til å bli busett flyktningar i Skjåk kommune i 2019. Talet på flyktningar som skal bli busette i nasjonen har gått kraftig ned, frå 11 500 i 2017 til 4 400 i 2018. I kriteria for kva for kommunar som skal busetja flyktningar har Integrerings- og mangfaldsdirektoratet latt storleiken på kommunen vege tyngst. I utgangspunktet får ikkje kommunar under 5 000 innbyggjarar tildelt flyktningar for busetjing. Dette får negative økonomiske konsekvensar både for kommunen og næringslivet i Skjåk, og for kommunale arbeidsplassar som yter tenester til flyktningane.

Alt i alt er det viktig å sjå dei lange linene i utviklinga når økonomiplanen skal leggast; korleis vil utviklinga i folketalet over tid påverke det økonomiske handlingsrommet, og kor stor renteendring toler Skjåk kommune før kapitalkostnadene blir større enn kommunen kan bera?

Framtidsutsiktene for små kommunar

Skjåk kommunestyre sa i 2016 nei til å slå seg saman med Lom kommune (sak 62/16). Nesten alle andre kommunar i Oppland fylke sa også nei til kommunesamanslåing, slik at det ligg ikkje an til å bli endringar i strukturen i fylket dei nærmaste åra. Det er knytt stor usikkerheit til korleis sentrale styresmakter i åra som kjem vil føre ein politikk som gjer det mogleg å oppretthalde likeverdige tenester i alle kommunar, eller om det blir tatt større økonomiske omsyn til kommunar i sentrale strøk som opplever stor grad av tilflytting.

Skjåk kommune er avhengig av interkommunalt samarbeid på mange område for å få løyst oppgåvene på ein tilfredsstillande måte, og behovet for interkommunalt samarbeid vil nok auke i åra framover. Ikkje minst vil det vera avgjerande for å få gode fagmiljø på område med behov for spesialisert kompetanse. Organisering av felles tenester via vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 b kan likevel skape ei demokratisk utfordring for kommunestyret i den kommunen som har delegert mynde til ein annan, fordi kommandolinene for styring og rapportering kan bli opplevde som lengre.

Folkehelse

Kommunen pliktar etter folkehelselova og tilhøyrande forskrift å ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. I tillegg til å ha løpande oversikt skal kommunen utarbeide ei samla oversikt kvart fjerde år. Kommunen skal vera særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale helseskilnader.

Folkehelseoversikt for Skjåk er sist oppdatert pr. april 2018 og ligg på kommunen si heimeside:

<https://www.skjaak.kommune.no/f/p3/i945e90e3-b93c-42b7-92f3-e8fafd81a193/folkehelseoversikt-skjak-april-2018.pdf>

Skjåk kommune har gjennomført spørjeundersøkinga «Ungdata» blant ungdomsskuleelevar for andre gong i 2018. Undersøkinga viser at det er utfordringar i ungdomsmiljøet innan psykisk helse, sosial inkludering, krenkande åtferd og bruk av alkohol. Resultatet frå undersøkinga har vore følgd opp i foreldremøte og gjennom ein «folkehelseverkstad» blant elevane i 7. – 10. årssteg i oktober 2018. Arbeidet blir vidareført med bl.a. nytt foreldremøte på nyåret.

Gjennom det statlege «Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017 – 2017» deltek Skjåk kommune spesielt under tiltaket «Psykisk helse blant barn og unge i Skjåk».

Økonomiplan 2019 - 2022

Leiarstruktur og leiar kompetanse

Ein effektiv organisasjon krev kompetente medarbeidarar i alle ledd. Både for å sikre god tenesteleveranse i den daglege drifta og for å gjennomføre nødvendige endringar og omstillingar i organisasjonen, er det nødvendig også å ha kompetente leiarar. Derfor har det dei siste åra vore satsa mykje på leiarutvikling, der tillitsapparatet og hovudverneombodet også har vore med. Leiarutviklingsprogramma har hatt stor grad av finansiering via KS sitt OU-fond. Det er viktig å sjå leiarutvikling som ein kontinuerleg prosess, der det over tid blir arbeidd med og trena på å handtere relevante utfordringar og problemstillingar.

Endringar i tenestestruktur og behovet for å tilpasse seg endra økonomiske eller andre føresetnader har gjort det nødvendig å endre leiarstrukturen i Skjåk kommune. Behovet for endringar er også uttrykt gjennom kommunestyrevedtak 82/17. Oversikt over den nye leiarstrukturen går fram av eige kapittel i økonomiplandokumentet.

Skjåk kommune og norddalskommunane i regionreforma

Hedmark og Oppland fylkeskommunar blir Innlandet fylkeskommune frå 1. januar 2020. Det nye fylkestinget skal ha 57 medlemmer og fylkesutvalet 15. I tillegg skal det vera fire hovudutval - utdanning, kultur, samferdsel og næring. Innlandet får 46 kommunar og 387 000 innbyggjarar.

Stortinget si målsetting med å endre den fylkeskommunale strukturen er m.a. «å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, ut frå regionale fortrinn, føresetnader og prioriteringar».

Politisk og administrativ leiding blir lokalisert til Hamar. Nokre funksjonar blir plassert på Lillehammer, men dei store oppgåvene som vidaregåande opplæring med kompetanse og forskning, samferdsel, klima og miljø, plan og næring blir lagt til Hamar.

Dette betyr at Skjåk kommune og region Nord-Gudbrandsdal, som frå før er ein utkant i Oppland, kan koma til å oppleve å vera utkant i enda sterkare grad i det nye fylket.

Skjåk kommunestyre har sagt nei til kommunesamanslåing med Lom. Kommunane i Nord-Gudbrandsdal har likevel etablert ei rekkje felles tenester, og dette samarbeidet kan sjåast som alternativ til kommunesamanslåing. Gjennom Regionråd for Nord-Gudbrandsdal har kommunane eit politisk samarbeidsorgan som skal fremje regionen sine interesser.

Ved inngangen til den nye fylket er det naturleg å vurdere om norddalskommunane kan vera betre tent med ei anna regionalpolitisk organisering enn i dag. Gudbrandsdalstinget er allereie etablert av kommunane i Gudbrandsdalen med Lillehammer og Oppland fylkeskommune. Gudbrandsdalstinget kan, dersom det er vilje til det, utviklast til å bli eit nytt og sterkare regionråd for alle kommunane i Gudbrandsdalen, og erstatte dagens tre regionråd.

Framlegget til årsbudsjett og økonomiplan

Økonomiplanen strammar til og reduserer det samla driftsbudsjettet med kr 3 788 000 i høve 2018.

Helse og omsorg får det meste av reduksjonen med kr 2 652 000, oppvekst og utdanning blir redusert med kr 1 786 000, medan dei øvrige budsjettområda får ein netto auke på totalt kr 650 000. Budsjettet for dei enkelte åra i planperioden er dermed i balanse, dvs. netto driftsresultat i null.

Det er gjennomført relativt store kostnadsreduksjonar dei siste åra. Endringar i årsverk frå 31.10.2017 til 31.10.2018 går fram av tabellen som følgjer her. På grunn av reduksjonane i administrative stillingar har ein nådd ei grense der det er utfordrande å få utført nødvendig utviklingsarbeid, da ressursane stort sett er bundne opp til å halde oppe drifta.

Økonomiplan 2019 - 2022

Årsverk i Skjåk kommune fordelt på ansvar – endring frå 2017 til 2018:

Budsjettansvar:	31.10.2017:	31.10.2018:	Kommentar:
100 Rådmann	1,0	1,0	
101 Kultur	1,0	0,5	
102 Plan, miljø og beredskap	3,0	1,0	
103 Personal- og organisasjonsutvikling	1,0	1,0	
104 Økonomi	4,0	4,0	
150 Ass. rådmann og støttefunksjonar	11,7	10,7	
200 Oppvekst og utdanning	1,0	1,0	
201 Flyktningar og vaksenopplæring	5,3	3,1	
211 Dønfoss naturbarnehage	6,9	8,8	
212 Holemork barnehage	6,2	7,5	
213 Bismo barnehage	8,3	8,7	
220 Skjåk barne- og ungdomsskule	42,0	40,5	
240 Kulturskule	4,2	5,3	Felles kulturskule med Lom frå aug. 2018
300 Helse og omsorg	1,0	1,0	
310 Pleie og omsorg institusjon	40,2	38,2	
320 Pleie og omsorg heimetenester	40,4	38,2	
330 Helsestasjon	4,8	4,8	
331 NAV	4,7	3,7	
332 Barnevern	4,0	4,0	
350 Helsetenester	8,0	9,0	
420 Teknisk VAR	3,4	3,3	
430 Teknisk drift	21,0	19,0	
450 Landbruk og næring	2,7	3,4	Felles landbruksktr. med Lom frå sept. 2018
Sum:	225,8	217,7	Netto reduksjon: 8,1 årsverk

Kommunestyret i Skjåk har vedtatt at netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon minimum skal tilsvare 3% av brutto driftsinntekter frå og med 2019. Rådmannen vurderer dette til å vera for utfordrande i 2019 og foreslår årsbudsjett i balanse, dvs. 0%. Eit forslag på line med handlingsregelen vil bety reduksjonar i drifta på ytterlegare meir enn kr 7,0 mill. Ein så stor reduksjon vil gjera det svært vanskeleg å oppretthalde eit tenestnivå som er innanfor gjeldande lovverk.

Økonomiplan 2019 - 2022

Liste over tiltak som er lagt inn som reduksjonar for å koma inn i den økonomiske driftsramma

Ansvar:	Tiltak:
100 – 150 Rådmann og stabsfunksjonar	<p>Politisk organisering:</p> <ul style="list-style-type: none">• Legge ned politisk hovudutval HOO. Oppgåvene blir lagt til formannskap og kommunestyre.• Slå saman eldreråd og brukarråd.• 100% stilling som kommunikasjonsmedarbeidar er trekt ut av driftsbudsjettet. Spørsmål om stillinga skal vidareførast og finansiert på annan måte blir lagt fram som eiga sak.
200 – 299 Oppvekst og utdanning	<p>Skuleskyss:</p> <ul style="list-style-type: none">• Endring til lovbestemte skyssgrenser. <p>Barnehagar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Bemanning seks barn pr. vaksen. <p>Grunnskule:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kantina blir avvikla.• Reduksjon med inntil 6 lærarårsverk frå 1.8.2019• Reduksjon av 0,7 årsverk fagarbeidar frå 1.8.2019• Det blir ikkje ressursar til delingstimar i basisfag• Med unnatak av 1. klasse blir det ein kontaktlærer pr. klasse. <p>Flyktningtenester:</p> <ul style="list-style-type: none">• Reduksjon med 50% stilling frå hausten 2019.
300 – 399 Helse og omsorg	<p>Ansvar 310 Institusjon</p> <ul style="list-style-type: none">• Reduksjon som følgje av innføring av nye arbeidstidsordningar kr 800 000.• Delar av fleire stillingar blir haldne vakante, totalt ca. 150 % stillingsheimlar. <p>Ansvar 320 Heimetenester</p> <ul style="list-style-type: none">• Reduksjon 130% stillingsheimlar totalt• Samarbeid om ergoterapeut med Lom. Redusert med 50 % stilling for Skjåk sin del.• Nye Skamsargjeilen, med kostnadseffektivisering ca. kr 150 000 <p>Ansvar 331 NAV</p> <ul style="list-style-type: none">• Redusert ramma med 700 000. Overført til heimebaserte tenester. <p>Ansvar 332 Barnevern</p> <ul style="list-style-type: none">• Noko reduksjon i kostnader knytt til barneverntiltak og fosterheim <p>Ansvar 350 Helsetenester</p> <ul style="list-style-type: none">• Søkt Helsedirektoratet om tilskott til kommunar med utfordringar knytt til rekruttering av fastlegar (ca 400 000).• Forventa auke i refusjonar frå Helfo for legane. Inntektene aukar mykje pga auke i refusjon frå Helfo og pasientbetaling for legetenesta. Ein stabil legesituasjon aukar isolert sett inntektene.• Reduksjon fysioterapiheimlar; frå 3 til 2,5 gjennom samarbeid med Lom om deling av privat fysioterapiheimel.

Økonomiplan 2019 - 2022

Økonomiplanen er likevel relativt ambisiøs når det gjeld investeringar. I 2019 skal omsorgsbustadene og avlastingsplassane i Skjåkhallen realiserast (finansiert i 2018, jf. kommunestyresak 61/18). Brutto kostnadsramme er kr 34 990 000. Renovering av Skjåkhallen med totalt kr 66 434 000 er skyvd ut eitt år i tid og lagt inn med oppstart i 2020. Barnehageprosjektet er flytta frå 2020 til 2022. Prosjektkostnaden her er førebels rekna til kr 37 284 000. Av andre investeringar kan nemnast kr 4,0 mill. til eigendel flomsikring, kr 3,0 mill. til sentrumsplan og kr 1,0 mill. til flombelysning Bismo stadion. Desse tre siste tiltaka manglar finansiering.

Investeringsprosjekta Skjåkhallen og barnehage har m.a.o. ei førebels investeringsramme på meir enn kr 100 mill. Dette kjem på toppen av nyleg gjennomførte byggeprosjekt som også har vore store, ikkje minst nyskulen. Det er vanskeleg å sjå for seg at renovering av Skjåkhallen kan føre til ein netto økonomisk gevinst i drifta, fordi renter og avdrag på lån vil belaste utgiftssida i driftsbudsjettet.

Investeringsprosjekt i ein slik storleik let seg vanskeleg gjennomføre viss dei ikkje fører til så store sparte utgifter i drifta at dei finansierer kapitalutgiftene. Stortinget kan sjølvsagt koma til å endre rammevilkåra for kommunane gjennom inntektssystemet. Eit handlingsval som kommunestyret har er å auke kommunen sine inntekter gjennom å innføre eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar, noko kommunestyret hittil har sagt nei til.

1.2. Budsjettprosessen

Budsjettprosessen vart vedteke i kommunestyresak 20 i mars 2018. Det er gjennomført dialogkonferansar med deltakarar frå administrasjon og politikarar både på forsommaren og hausten. I tillegg er det gjennomført eit møte med formannskap i november, der utfordringar og tiltak var tema.

Dei viktigaste elementa i prosessvedtaket er tildeling av rammer i juni, budsjettforslag frå leiarar i september, balanse i budsjettet i oktober, ferdigstilling av dokumenter i november og politisk handsaming i desember.

Prosessen har stort sett følgt plan, men vi har vore noko på etterskot på grunn av aukande utfordringar. Den administrative presentasjonen er sist i november.

Rådmann og kommunalsjefar har sjølve kommentert tilpassingar av budsjettet under eigne område og dette er referert i punkt 4 i økonomiplan.

1.3. Overordna mål

Mål, strategiar og utfordringar er omtala i kommuneplan som er vedteke av kommunestyret i februar 2018. Samfunnsdelen omtalar blant anna mål og strategiar knytt til befolkning og bulyst, levekår, arbeid og fritid, barn og unge, flyktningar, helse og omsorg, klima, fysisk aktivitet og naturoppleving, energiforvaltning, samfunnstryggleik, transport og samarbeid.

Det er vedteke eigne økonomiske mål i form av handlingregler for kommunen i kommunestyresak 39 / 2016:

- Netto driftsresultat korrigert for premieavvik skal minimum tilsvara minst 3 % av brutto driftsinntekter.

Økonomiplan 2019 - 2022

- Brutto lånegjeld skal være innanfor 100 % av driftsinntektene. I starten av perioden 2017 – 2026 kan lånegjelda, på grunn av stort investeringsbehov og forventa låg rente, være inntil 115 % av brutto driftsinntekter, men gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 % i perioden. Det betyr at gjeldgraden skal være 112 % i 2019, og reduserast med 1,5 % poeng kvart år.
- Frie midlar, i form av likviditetsreserve, skal minst tilsvare ein månads drift, det vil seie 8,33 % av brutto driftsutgifter.

Budsjettforslag inneheld følgjande økonomiske hovudmål i høve til vedtekne handlingsreglar for 2019;

Netto driftsresultat	Gjeld brutto	Frie midlar likviditet
<ul style="list-style-type: none">• Mål + 3,0%• Forslag 0,0 %	<ul style="list-style-type: none">• Mål 112 %• Forslag 110 %	<ul style="list-style-type: none">• Mål 8,33 %• Forslag 7,30 %

Økonomiske mål og risiko er også kommentert under punkt 2.1.

Differansen mellom mål og forslag på korrigert netto driftsresultat er 7 millionar kroner. Med bakgrunn i nye utfordringar og større investeringar er det teke mange grep for å få balanse i budsjettet, men vi har likevel ein lang veg å gå for å nå eit korrigert netto driftsresultat på 3% av omsetnaden.


Brutto gjeldsgrad har auka i 2018 på grunn av ny barneskule og at det hasta med å få gjennomført ombygging på institusjon og bygging av bustader i Skamsargjeilen, for å nytte gode tilskotsordningar. Gjeldgraden vil overstige målet ved utgangen av 2018, men avdrag i 2019 vil trekke gjeldsgraden ned igjen. Kommunen reknar med å ligge rett oppunder målet ved utgangen av 2019 på om lag 110 %. Det blir derfor truleg rom for å gjennomføre trinn 1 på Skjåkhallen i 2020 innanfor handlingsregelen. Det blir ei vurdering om politikarane vil prioritere trinn 2 og 3 på Skjåkhallen eller ny barnehage først. Disse tiltaka ligg inne sist i planperioden. Kommunen må fortløpende vurdere når ein kan gjennomføre investeringane i høve til vedteken gjeldsgrad og om vi evner å finansiere nye avdrag og renter.

Målet på brutto gjeld vil bli redusert med 1,5% poeng kvart år fram til 2026, til det når 100%, i samsvar med vedtak.

Vi er nær målet på frie midlar likviditet. Målet er på 8,33%, som utgjer knapt 19,4 millionar kroner, medan vi har vel 16,9 millionar kroner.

1.4. Samfunn

1.4.1. Utvikling i folketal



Tabellen syner folketalet per 1 januar kvart år. Folketalet etter tredje kvartal 2018 var 2 195 innbyggjarar.

1.4.2. Næringsutvikling og samfunnsutvikling

Samfunnsdelen av den rullerte kommuneplanen for Skjåk kommune er vedteken for planperioden 2017-2028. Føresetnaden er at planen skal rullerast i kvar kommunestyreperiode. I rullert plan blir det peikt på utfordringar knytt til folketalsutvikling og ei skeiv folketalssamansetjing, klima og miljø og migrasjon. Flaumen hausten 2018 har vist kor viktig det er å ta omsyn til endringar i klima og ekstremvær. I tida framover må dette vere høgt på dagsorden for kommune og for næringsliv.

Kommunen har i fleire år opplevd nedgang i folketalet. Dette skuldast både negativt fødselsoverskot og utflytting. Det siste halve året har vi sett ei lita folketalsvekst. Vi ser ein tendens til at unge barnefamiliar har flytta heim att. Dette er veldig positivt for Skjåk. Samstundes er det viktig å arbeide for at bygda bli attraktiv å busette seg i. Kommuneplanen for dei neste åra legg vekt på å finne fram til trivselsskapande tiltak som gjer at fleire vel både å busette seg og bli buande i Skjåk.

Skjåk er vertskommune for nasjonalparkane Breheimen og Reinheimen. Det er viktig med lokal forvaltning av nasjonalparkane. I dag er det ikkje konflikt knytt til bruk og vern av dei verna områda. Parkane gjev ein meirverdi til kommunen. Kommunen må i samarbeid med lokale og nasjonale vernestyresmakter sjå på korleis ein kan bruke områda i reiselivssamanheng.

Skjåk kommune kan med rette kallast ein gründerkommune, mange av verksemdene i Skjåk er etablert ut frå ein grunnleggjande idé om eit produkt som har vakse seg fram til ei livskraftig verksemd. I 2017 og 2018 har fleire fått hjelp til å etablere eiga verksemd, dette har ført til framvekst av eit miljø av såkalla frie yrke. Folk som har verksemda si i medie- eller designbransjen vil ikkje vere avhengige av å vere geografisk nær kundane sine, og å bu i Skjåk vil ikkje vere eit fysisk stengsel i så måte.

Landbruket vil framleis vere ein berebjelke i Skjåk-samfunnet. Talet på aktive gardsbruk har gått ned, men husdyrhaldet har halde seg på jamt nivå, og delen dyrka mark har auka. Mellom anna fordi kommunen har eigne tilskot frå næringsfondet til nydyrking. I tillegg til omlegging til samdrifter og det ein kan kalle industrielt landbruk, har det vore og er eit mangfald i jordbruket, med satsing på nisjeprodukt, som grønsaker og eggproduksjon og lokal og kortreist mat. Tradisjonen med spekepølse, flatbrød frå lokalt korn og skinke er løfta opp, og kjem i nye former. Men landbruket i Skjåk har sine utfordringar. Sysselsettinga i landbruket har hatt ein jamn nedgang dei siste åra, dette er eit årsverkstap som ikkje erstattast av ny sysselsetting i andre sektorar. Landbruket må sjølve ta eit ansvar for å stimulere til nyrekruttering, men kommunen kan vere med å tilretteleggje for overtaking av bruk. Dette kan skje gjennom støtte frå næringsfond, hjelp til søknad til Innovasjon Norge, og ved å ha ei fagleg god landbruksforvaltning i kommunen.

Tiltak som får støtte frå næringsfondet er landbruk, reiseliv og anna næringsliv. I tillegg kjem det som kan kallast aktivitetstiltak som Ståk i Skjåk og hausttakk, og konsulenthjelp til t.d. kommuneplanarbeidet.

Næring

I 2018 gjekk Lom og Skjåk kommunar inn avtale om felles landbrukskontor for Lom og Skjåk. Kontoret har hovudbase i Skjåk, men det er framleis muleg for gardbrukarane å få hjelp på kommunehuset i Lom. Samtidig har Skjåk kommune lagt kulturkonsulentens sitt arbeid til avdelinga, slik at det samla talet på årsverk er 5,3 årsverk, fordelt på 7 tilsette. I dette ligg også felles skogbrukssjef for Vågå, Lom og Skjåk.

Avdelinga er tillagt dei statleg pålagde landbruksforvaltningsoppgåvene som i periodar krev mykje arbeidsinnsats mellom anna til å få inn og kontrollere søknader om produksjonstilskot; saksbehandling av SMIL tilskotsaker, osv. Det er gledeleg å seie at det er høg landbruksfagleg kompetanse. Avdelinga har også ansvar for saksbehandling av søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet og råd- og rettleiing til næringsdrivande og ny-etablerarar. Tørkeperioden sommaren 2018 og flommen hausten 2018 har ført til eit monaleg tal søknader om både avlingskade og naturskadeerstatning i tillegg til dei ordinære søknadsprosessane om produksjonstillegg.

I 2016 vedtok kommunestyret nye vedtekter for næringsfondet, der det er lagt inn ei ordning med etablerarstipend til nyetablerarar. I dei nye vedtektene er det lagt stor vekt på sysselsettingseffekten av det søknaden gjeld. Det er handsama to søknader om stipend pr november i 2018. Det har vore ein føresetnad at vedtektene skal evaluerast, noko som blir gjort hausten 2018.

Økonomiplan 2019 - 2022

Tilgang og avgang midlar på næringsfondet er budsjettet slik;

	Art	Ansvar	Tenest	Prosjekt	Beløp
Budsjettet tilgang midlar - konesjonsavgift	1559	450	3258		7 375 000
Informasjonsmedarbeidar (3 - årig prosjekt, ferdig i 2018)	1959	450	1211		
Festekontrakter	1959	450	3202		-30 000
Næringsjefen	1959	450	3250		-1 296 000
Tiltak for reiseliv (nasjonalparkriket, turistinformasjon)	1959	450	3254		-300 000
Tiltak for bedrifter (udisponert)	1959	450	3255		-2 974 000
Regionkontoret / partnerskapsmidlar	1959	450	3260		-400 000
Næringsjefen, landbrukskontor	1959	450	3291		-1 375 000
Tiltak for landbruk og skogbruk (udisponert)	1959	450	3293		-1 000 000
Budsjettet avgang midlar - sum bruk					-7 375 000

Fordeling:

Drift	36,6 %	2 701 000
Regionkontoret	5,4 %	400 000
Eksterne tilskot	58,0 %	4 274 000
	100,0 %	7 375 000

Det har vore ein intensjon om å redusere bruken av næringsfond til internt bruk i driftsbudsjettet, slik kommunestyret tidligare har vedteke. Det er derfor lagt til grunn at 3-årig prosjektstilling går ut. Aktuell stilling er ikkje vidareført med finansiering frå drift på grunn av utfordringane med å få budsjettet i balanse. Avslutninga av prosjektet medfører at kommunen bruker mindre på intern drift og har meir midlar til eksterne tilskot, som er i samsvar med tidligare vedtak.

1.5. Brukarmedverknad

Skjåk kommune gjennomfører med jamne mellomrom medarbeidarundersøking og brukarundersøkingar. I vedteken plan for arbeidsgjevarepolitikk og –strategi går det fram at medarbeidarundersøking skal gjennomførast annakvart år.

Brukarundersøking i barnehagen og foreldreundersøking i skulen blir gjennomført annakvart år. Elevundersøking i skulen blir gjennomført kvart år. Når det gjeld brukarundersøkingar innan helse og omsorg så er det planlagt brukarundersøking og pårørandeundersøking for heile pleie og omsorg i 2019. Vidare i økonomiplanperioden er desse undersøkingane planlagt annakvart år.

Gjennom arbeid med tenesteinnovasjon er det nå også lagt opp til intervju med utvalde brukarar i pleie og omsorg.


1.6. KOSTRA

Det har vore laga egne presentasjonar av Kostradata både når det gjeld samanlikningar med nabokommunar og utvikling i eigen kommune. I 2018 hadde KS ein gjennomgang og analyse av KOSTRA data, både for 2016 og 2017.

KOSTRA data er ei god kjelde med omsyn til nivå på tenesteytinga, analyser og prioriteringar. SSB har lagt om databasen i 2018 og ein får ikkje lasta ut overordna nøkkeltal på same måte som før.


Helse- og omsorgstenester, skule og barnehage er viktige sektorar og i grafane nedanfor kan ein sjå både utviklinga dei siste 3 åra og samanlikning med dei andre norddalskommunane, når det gjeld kostnader.

Brutto utgifter til kommunale helse- og omsorgstenester pr. innbyggjar (KOSTRA 2017):



Hovudtyngda av utgiftsauken er knytt til heimetenestene.


Netto utgifter til grunnskule pr. elev (KOSTRA 2017):



2017 er siste heile kalenderår med tre skular.

Nye Skjåk barne- og ungdomsskule vart teken i bruk til skulestart hausten 2018.

Netto utgifter til barnehagar, pr. barn 1-5 år:



Det er venta at netto utgifter for 2018 vil auke samanlikna med 2017.

1.7. Målkort

Oppvekst og utdanning

Målekort - Oppvekst					
Dimensjon	Indikator	2019	2020	2021	2022
Organisasjon	Sjukefråvær (i sektoren)	< 6%	< 6%	< 6%	< 6%
	Meistringsorientert leing (Medarbeidarundersøking)		4,3		4,3
	Rolleklarheit (Medarbeidarundersøking)		4,3		4,3
	Kompetanseheving (tal tilsette i kompetansegevande vidareutdanning)	3,0	3,0	3,0	3,0
Samfunn	Lærlingar	3	3	3	3
Teneste	Barn med rett til barnehageplass har fått tilbod om plass	100 %	100 %	100 %	100 %
	Nasjonale prøver 5. klasse (gjennomsnitt - 50,0 er gjennomsnitt for landet)	50,0	50,0	50,0	50,0
	Grunnskulepoeng (gjennomsnitt)	41,0	41,0	41,0	41,0
	Fullført introduksjonsprogrammet etter 3 år (%)	80 %			
Økonomi	Fastlønn (lik budsjett)	<100%	<100%	<100%	<100%
	Vikarutgifter	<100%	<100%	<100%	<100%

Økonomiplan 2019 - 2022

Helse og omsorg

Målekort - Helse og omsorg					
Dimensjon	Indikator	2019	2020	2021	2022
Organisasjon	Fråvær i %	< 7%	< 7%	< 7%	< 7%
	Meistringsorientert leiing (Medarbeidarundersøking)		4,5		4,5
	Relevant kompetanseutvikling (Medarbeidarundersøking)		4,0		4,0
Samfunn	Lærlingar	3	3	3	3
	Gjennomsnittleg stillingsprosent	75 %	75 %	75 %	75 %
Teneste	Brukarmedveknad		5,0		5,0
	Respektfull behandling		5,0		5,0
	Får hjelp ein treng det.		5,0		5,0
Økonomi	Fastlønn (lik budsjett)	<100%	<100%	<100%	<100%
	Vikarutgifter	<100%	<100%	<100%	<100%

Overordna og andre tenester

Målekort - Overordna og andre tenester					
Dimensjon	Indikator	2019	2020	2021	2022
Organisasjon	Fråvær i %	6,0	6,0	6,0	6,0
	Utviklingsamtale / medarbeidarsamtale med alle faste tilsette	70 %	70 %	70 %	70 %
	Meistringsorientert leiing, medarbeidarundersøking (10 faktor)		4,0		4,0
	Relevant kompetanseutvikling, medarbeidarundersøking (10 faktor)		3,8		3,8
Samfunn	Lærlingar	2	2	2	2
Teneste	Saksbehandlingstid byggesak (det er ulike krav i høve til kompleksitet)	100 %	100 %	100 %	100 %
	Planstrategi (oppfylingsgrad)	100 %	100 %	100 %	100 %
Økonomi	Netto driftsresultat i høve omsetnad korrigert for premieavvik	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %
	Brutto lånegjeld i høve omsetnad ekskludert pensjonsforpliktingar	112,0 %	110,5 %	107,5 %	106,0 %
	Likviditetsreserve i høve omsetnad	8,33 %	8,33 %	8,33 %	8,33 %

2. Økonomi

2.1. Faglege økonomiske råd og risiko

Kommunestyret har vedteke økonomiske mål for Skjåk kommune i 2016, som også er omtala under punkt 1.3. Handlingsreglane er knytt til resultatgrad, gjeld og likviditet.

2.1.1. Resultatgrad

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Netto driftsresultat	2 976 516	-686 324	3 313 000	3 606 000	248 000	1 488 000
Netto premieavvik pensjon	-185 785	-3 977 000	-3 397 000	-2 583 000	423 000	-713 000
Korrigert netto driftsresultat	2 790 731	-4 663 324	-84 000	1 023 000	671 000	775 000
Korr. netto driftsres. i % av omsetnad	1,2 %	-2,1 %	0,0 %	0,5 %	0,3 %	0,3 %

Frå fagleg hold er det tilrådd eit netto driftsresultat som er i intervallet 1,75 - 5 % av driftsinntektene. Skjåk kommune har vedteke at netto driftsresultat korrigert for premieavvik skal være minst 3% frå 2019. Det er over tid viktig at ein har eit positivt korrigert netto driftsresultat, slik at ein evner å finansiere mindre investeringar utan å måtte låne. Vidare har ein da også moglegheit til å avsette midlar til disposisjonsfond, slik at ein har noko midlar til eventuelle ekstraløvingar.


I forslaget til budsjett 2019 er det trass i handlingsreglane budsjettert med 0,0 % i korrigert netto driftsresultat. Hovudgrunnen til at forslaget ligg lågare enn handlingsregel, er fleire nye utfordringar over tid, blant anna knytt til redusert overføring frå Skjåk Energi KF, reduserte inntekter frå eigedomsskatt, kraftig auke i kostnader til ressurskrevjande brukarar siste åra, auka i renter og avdrag frå 2019 og auke i reguleringspremien på pensjon.

I budsjettet er det lagt inn fleire tiltak og større reduksjonar i lønsutgifter, og det får store konsekvensar dersom ein skal nå eit korrigert netto driftsresultat på 3 % i 2019, som vil utgjere om lag 7 millionar kroner i ytterlegare reduksjonar. Det betyr at ein må arbeide vidare med å forbetre netto driftsresultat. Korrigert netto driftsresultat er likevel noko betre enn det ein la til grunn i opphavleg budsjett for 2018.

Vidare fekk kommunen svak uttelling på statsbudsjettet med 2,2% auke i frie inntekter, og rammene dekkjer ikkje pris og lønsvekst. Auka i dei frie inntektene skal dekkje fleire element utover pris- og lønsauke, blant anna innlemming av øyremerka tilskot, saker med særskilt fordeling og endringar i demografien.

2.1.2. Gjeld og finans

Oversikta syner utvikling i gjeld i millionar kroner ekskludert pensjonsforpliktingar i perioden 2008 – 2017.



Kommunestyret har vedteke handlingsregel på låneopptak, der brutto lånegjeld skal ligge innanfor 112,0 % av omsetnad i 2019. Gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 % fram til 2026. Dei fleste fagfolk anbefaler ei renteberande gjeld på maksimalt 70% av omsetnaden.

Skjåk kommune sin gjeldsgrad inneber høg renterisiko med flytande rente. Lånerenta er no svært låg, men seinast i 2008 var den over 8%. Rentebinding må fortløpande vurderast. Binding av renta blir normalt litt meir kostbart på kort sikt, men vil redusere renterisikoen. Det er viktig at kommunestyret er klar over og bevisst på risikoen knytt til renteutvikling og samla gjeld.

Ein reknar med at gjelda er om lag 267 millionar kroner ved utgangen av 2018. Gjeldsgraden vil da være knapt 120% med ein omsetnad som budsjettert på litt over 223 millionar kroner. Det er da rekna inn siste låneopptak skule, HFF, startlån, trinn 3 Skei tomteområde og attendebetaling av ubrukte lånemidlar til ny skule.

Det er ikkje lagt inn nye avdrag og renter på lån i 2019. Flaumsikring er aktuelt, men ikkje finansiert. Stipulert gjeld vil da være om lag 255 millionar kroner og gjeldsgraden vil være om lag 110 % ved ein omsetnad på noko under 233 millionar kroner.

Eventuelt opptak av lån til oppgradering av Skjåkhallen, investeringskostnader i barnehage og andre mindre investeringar i økonomiplan kan bety eit samla låneopptak i langtidsperioden på ytterlegare 85 millionar kroner og dette har potensiale til å auke gjeldsgraden med om lag 36 %. Årlege avdrag vil etter 2019 redusere gjeldsgraden med om lag 5 % kvart år. Trinn 1 ved oppgradering av Skjåkhallen vil isolert sett auke gjeldsgraden med om lag 5,8%, som utgjør 13,6 millionar kroner, dersom prosjektet vert gjennomført i 2020.

Skjåk kommune vil være i nærleiken av måla knytt til gjeldsgrad, sjølv om ein gjennomfører første trinn av oppgradering Skjåkhallen i 2020 og investeringar innanfor VAR området. Det er ikkje rom for ny barnehage og andre og tredje trinn av Skjåkhallen i planperioden innanfor måla som kommunestyret har sett på gjeldsgrad.

2.1.3. Likviditet

Gjennom handlingregelen har kommunestyret lagt til rette for at vi tek vare på oppbygd likviditet.

Kommunen har i fleire år hatt god likviditet gjennom avsett likviditetsreserve. Likviditetsreserven er svært viktig av fleire grunnar;

- Likviditetsreserven kan være ein buffer til å saldere budsjett på kort sikt, dersom vi får brå reduserte inntekter eller uføresett kostnadsauke. Vi har dermed evne til å bruke tid på omstilling og tilpassing til endra rammer.
- Vi har midlar til å dekke opp eit eventuelt underskot på rekneskapen.
- Kommunen tåler å ha lite udisponerte fondsmidlar på ubunde kapitalfond og disposisjonsfond.
- Vi klarer oss utan kostbar kassakreditt, med omsyn til at vi generelt får kostnader før inntekter.

Sett over ei 10 års periode, så vil Skjåk kommune truleg ha ein omsetnad på godt over 2,3 milliardar kroner med dagens kroneverdi og driftsnivå. I eit slik perspektiv utgjør likviditetsreserven godt under 1% av 10 års omsetnaden, men den er svært viktig med omsyn til å ha evne til å saldere budsjettet på kort sikt og dekke opp eventuelle underskot på rekneskapen. Det er viktig at ein tek vare på og ikkje byrjar å trekke på likviditetsreserven. Det er svært utfordrande å byggje opp ei ny likviditetsreserve.

Forventa likviditetsreserve i 2019 er knapt 17 millionar kroner inkludert prinsippendingar og utgjør om lag 7,3 % i høve til budsjettet omsetnad. Handlingsregel på 8,33 % utgjør 19,4 millionar kroner, og vi manglar knapt 2,5 millionar kroner. Likviditetsreserven er likevel på eit akseptabelt nivå.

2.1.4. Handlingsrom

Skjåk kommune har for tida eit utfordrande økonomisk handlingsrom. Vi har eit netto driftsresultat korrigert for premieavvik som balanserer, men er godt under handlingsregelen. Vi manglar førebels handlingsrom for å gjennomføre ønskt utbygging av ny barnehage og utbygging av alle 3 trinna knytt til Skjåkhallen.

Vi får mindre overføringar frå Skjåk Energi, eigedomsskatteinntektene frå verk og bruk har gått ned, folketalet har minka over tid, kostnadar til ressurskrevjande har auka og avdrag og renter aukar. Vi måtte redusere budsjettet med om lag 10 millionar kroner, samanlikna med første utkast som var summert opp den 24. september.

Vi må heile tida arbeide for å skape større handlingsrom for å gjennomføre aktuelle satsingar, betre netto driftsresultat og auke evna til å finansiere noko av investeringane med eigenkapital. Det har vore gjennomført strukturelle endringar som skal betre handlingsrommet og tenestene på sikt, og det er lagt inn kostnadsreducerande tiltak for å balansere budsjettet. Det blir arbeidd med auka samarbeid med andre kommunar. Med bakgrunn i det samla utfordringsbildet ble det i 2019 lagt vekt på å få budsjettet i balanse, og det betyr at ein framover må arbeide vidare for å nå handlingsregelen, spesielt når det gjeld netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon.

2.1.5. Variable postar

Skjåk kommune har svært mange variable postar, som inneber at har vi har ein usikker økonomi og at det er risiko relatert til mange budsjettposter. Vi må ha god evne og vilje til rask omstilling. Følgjande postar er over tid spesielt variable og usikre;

Økonomiplan 2019 - 2022

- Pensjonskostnadene varierer spesielt med variasjonar i årleg reguleringspremie, som blant anna er avhengig av datolønsvekst knytt til hovud- og mellomoppgjer.
- Tilbakeføring frå pensjonskassene, som er avhengig av pensjonskassene sine rammevilkår og avkastning dei oppnår på sine plasseringar. I 2019 er det budsjettert med ei attendeføring frå premiefond på 2,9 millionar kroner, vurdert ut frå kva vi faktisk har fått dei siste åra. Det er viktig å merke seg at KLP har garantert ei attendeføring på berre 785.000 kroner. Risikoen er knytt til at ein i verste fall kan få over 2 millionar kroner mindre enn budsjettert, dersom avkastninga i KLP blir låg.
- Overføringane frå Skjåk energi blei redusert med 3,3 millionar kroner frå 2017 på grunn av redusert lønnsemd. Gode resultat enkelte år kan innebere ekstra utbytte.
- Inntektene frå eigedomsskatt har gått kraftig ned dei 2 siste åra på dei fleste anlegga, men inntektene frå Framruste og Øyberget har halde seg, fordi dei har vore over makstakst. Regjeringa har lagt fram forslag om å fase ut eigedomskatteinntekter frå kraftlinjer, maskiner og elektroniske anlegg i perioden 2019 – 2024.
- Endring i sentrale politiske rammevilkår, spesielt gjennom overføringar på statsbudsjettet.
- Endring i folketal og samansetjing av aldersgrupper har stor betydning for overføringane.
- Endring i rentenivå, spesielt ved store låneopptak og flytande rente. Skjåk kommune har førebels berre flytande rente. Renteauke på 1% vil innebere 2,6 millionar kroner i auka rentekostnader, men vi får da og litt meir renteinntekter.
- Lønsoppgjer er viktig for utvikling i lønskostnadene, som er klart viktigaste utgiftspost og denne påverkar også reguleringspremie pensjon og arbeidsgjevaravgift.
- Kostnadsutvikling til ressurskrevjande. Lønsutgiftene har steg mykje dei siste åra.
- Endring i regionale kostnader på samarbeid.
- Det er store endringar på flyktningtenesta og ressurskrevjande og budsjettpostane er noko usikre, men flyktningbudsjettet blir ført mot fondsavsetjing.

Økonomiplan 2019 - 2022

2.2. Drift og rammebetingelser

2.2.1. Hovedoversikt

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	8 453 342	9 447 000	10 107 000	10 107 000	10 107 000	10 107 000
Andre salgs- og leieinntekter	18 646 268	17 857 000	18 410 000	18 410 000	18 715 000	18 805 000
Overføringer med krav til motytelse	30 512 149	24 075 000	29 285 000	28 359 000	28 259 000	28 229 000
Rammetilskudd	76 005 384	75 200 000	78 775 000	77 400 000	77 200 000	77 000 000
Andre statlige overføringer	13 175 243	10 066 000	9 622 000	7 031 000	5 152 000	4 394 000
Andre overføringer	5 152 794	5 053 000	4 987 000	4 987 000	4 987 000	4 987 000
Skatt på inntekt og formue	46 032 712	47 400 000	47 917 000	47 800 000	47 600 000	47 500 000
Eiendomsskatt	15 639 414	14 630 000	14 000 000	13 800 000	13 800 000	13 800 000
Andre direkte og indirekte skatter	19 093 922	19 300 000	19 370 000	19 370 000	19 370 000	19 370 000
Sum driftsinntekter	232 711 228	223 028 000	232 473 000	227 264 000	225 190 000	224 192 000
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	138 233 683	134 688 000	132 361 000	125 665 000	124 750 000	124 525 000
Sosiale utgifter	25 786 510	25 361 000	27 612 000	27 785 000	30 691 000	29 518 000
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produk	31 808 936	29 670 000	27 857 000	28 542 000	27 931 000	27 651 000
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produ	20 643 474	19 684 000	21 754 000	21 104 000	20 804 000	20 804 000
Overføringer	13 008 293	14 370 000	13 070 000	12 990 000	12 925 000	12 870 000
Avskrivninger	11 033 159	13 034 000	13 109 000	13 109 000	13 309 000	13 494 000
Fordelte utgifter	-1 822 383	-1 657 000	-1 788 000	-1 788 000	-1 788 000	-1 788 000
Sum driftsutgifter	238 691 671	235 150 000	233 975 000	227 407 000	228 622 000	227 074 000
Brutto driftsresultat	-5 980 443	-12 122 000	-1 502 000	-143 000	-3 432 000	-2 882 000
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	8 534 698	9 762 000	7 868 000	8 299 000	8 749 000	8 761 000
Gevinst på finansielle instrumenter (om	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	168 871	393 676	80 000	80 000	80 000	80 000
Sum eksterne finansinntekter	8 703 569	10 155 676	7 948 000	8 379 000	8 829 000	8 841 000
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	3 711 318	4 350 000	5 532 000	7 029 000	7 748 000	7 255 000
Tap på finansielle instrumenter (omløp:	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	6 875 390	7 224 000	10 610 000	10 610 000	10 610 000	10 610 000
Utlån	193 060	180 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum eksterne finansutgifter	10 779 768	11 754 000	16 242 000	17 739 000	18 458 000	17 965 000
Resultat eksterne finansransaksjoner	-2 076 199	-1 598 324	-8 294 000	-9 360 000	-9 629 000	-9 124 000
Motpost avskrivninger	11 033 159	13 034 000	13 109 000	13 109 000	13 309 000	13 494 000
Netto driftsresultat	2 976 516	-686 324	3 313 000	3 606 000	248 000	1 488 000
<i>Netto premieavvik pensjon</i>	<i>-185 785</i>	<i>-3 977 000</i>	<i>-3 397 000</i>	<i>-2 583 000</i>	<i>423 000</i>	<i>-713 000</i>
<i>Korrigert netto driftsresultat</i>	<i>2 790 731</i>	<i>-4 663 324</i>	<i>-84 000</i>	<i>1 023 000</i>	<i>671 000</i>	<i>775 000</i>
<i>Korr. netto driftsres. i % av omsetnad</i>	<i>1,2 %</i>	<i>-2,1 %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,5 %</i>	<i>0,3 %</i>	<i>0,3 %</i>
Interne finansransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindrefo	5 586 336	2 360 000	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	1 059 689	3 206 000	253 000	253 000	253 000	253 000
Bruk av bundne fond	13 022 984	16 230 000	13 037 000	16 434 000	19 017 000	18 632 000
Sum bruk av avsetninger	19 669 010	21 796 000	13 290 000	16 687 000	19 270 000	18 885 000
Overført til investeringsregnskapet	4 768 268	4 864 676	770 000	780 000	790 000	800 000
Dekning av tidligere års regnsk.m. merfc	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	4 068 906	1 956 000	175 000	1 272 000	910 000	1 042 000
Avsatt til bundne fond	11 448 710	14 289 000	15 658 000	18 241 000	17 818 000	18 531 000
Sum avsetninger	20 285 884	21 109 676	16 603 000	20 293 000	19 518 000	20 373 000
Netto avsetninger	616 874	-686 324	3 313 000	3 606 000	248 000	1 488 000
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	2 359 642	0	0	0	0	0

Økonomiplan 2019 - 2022

Korrigert netto driftsresultat er budsjettert til 0 % som utgjør – 84.000 kroner. Målet i 2019 var eit korrigert netto driftsresultat på 3 %, som tilsvarar 6.974.000 kroner. Differansen mellom forslag til budsjett og handlingsregel er vel 7 millionar kroner.

Det er ikkje lagt inn bruk av fond for å balansere budsjettet. Bruk av bunde driftsfond og disposisjonsfond i drift er knytt til fylgjande;

Art	Ansvar	Tenest	Prosjekt	Budsjettbeløp	
1943	213	2013	900	-253 000	Flyktningbudsjett, øymerka tiltak barnehage
1953	102	3551		-315 000	Renovasjon, bruk av sjølvkostfond
1953	102	3601		-20 000	Øymerka midlar
1953	310	2531	549	-40 000	UHT
1953	310	2534		-165 000	Gåvenemd, gåvemidlar
1953	320	2413		-50 000	Ergoterapi
1953	330	2321	531	-239 000	Helsestasjon, øymerka midlar

Tilgang og avgang næringsmidlar er budsjettert i balanse isolert sett. Bruker vi mindre enn budsjettert, så blir dette avsett til grunnfond.

Det er ikkje lagt inn bruk av pensjonsfond reserve, til tross for at pensjonskostnadene stiger. Dette vil i tilfelle ha ført til eit negativ netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon. Normalt bruker vi pensjonsfond reserve når det er relativt høg reguleringspremie, medan vi avsett når premien er låg. Det er forventet auka i pensjon framover, og det er derfor viktig å ta vare på tidlige reserveavsetting.

På pensjon må vi bruke like formlar på sosiale kostnader alle 4 år av systemtekniske årsakar.

Over tid varierer tilbakeføring frå KLP pensjonsfond, men har vore mellom 2,2 og 3,7 millionar kroner dei siste åra. KLP stipulerer ei garantert tilbakeføring etter eit «worst case scenario» og det utgjør for Skjåk kommune 765.000 kroner i 2019. I budsjettforslaget er det teke omsyn til reell «historisk» attendeføring og lagt til grunn at vi får 2,9 millionar kroner. Inntektsposten er alltid usikker og inneber stor risiko.

For å få budsjettet i balanse er det gjennomført reduksjonar i årsverk, jamfør også lønsposten i tabellen over. Tiltak og eventuelt satsingar er omtala under punkt 2.3 investeringar og punkt 4, som er kommentarar frå sektorleiarane. Inntektene er budsjettert offensivt, men realistisk.

Økonomiplan 2019 - 2022

2.2.2. Rammer

Rammene til tenestane går fram av tabell;

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018	Regnskap 2017
100 RÅDMANN	7 345 000	7 345 000	7 345 000	7 345 000	7 127 000	7 143 701
101 KULTUR	1 392 000	1 392 000	1 392 000	1 392 000	1 670 000	1 683 976
102 PLAN, MILJØ OG BERDEDSKAP	5 033 000	5 033 000	5 033 000	5 033 000	4 258 000	4 020 956
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIK	1 833 000	1 836 000	1 836 000	1 836 000	1 902 000	1 460 807
104 ØKONOMI	3 673 000	3 672 000	3 672 000	3 672 000	3 550 000	3 011 727
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJON	10 836 000	10 836 000	10 836 000	10 836 000	11 274 000	11 087 420
200 OPPVEKST OG UTDANNING	5 122 000	5 122 000	5 122 000	5 122 000	5 725 000	5 299 596
201 FLYKTNINGAR	4 582 000	1 635 000	388 000	155 000	4 830 000	6 971 956
211 DØNFOSS BARNEHAGE	3 966 000	3 966 000	3 966 000	3 966 000	4 080 000	3 802 673
212 HOLEMORK BARNEHAGE	3 865 000	3 865 000	3 865 000	3 865 000	3 447 000	3 326 590
213 BISMO BARNEHAGE	4 040 000	4 040 000	4 040 000	4 040 000	4 214 000	4 020 891
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	24 050 000	21 375 000	21 375 000	21 375 000	25 008 000	1 561 363
221 REKTOR NORDBERG BARNESKULE	0	0	0	0	0	9 242 354
222 REKTOR MARLO BARNESKULE	0	0	0	0	0	5 668 336
223 REKTOR SKJÅK UNGDOMSSKULE	0	0	0	0	0	10 382 008
240 KULTURSKULE	1 805 000	1 805 000	1 805 000	1 805 000	1 912 000	1 782 723
300 HELSE OG OMSORG	2 099 000	1 949 000	1 949 000	1 949 000	2 030 000	2 407 626
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	22 690 000	22 690 000	22 690 000	22 690 000	24 538 000	24 239 968
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	27 366 000	25 437 000	25 437 000	25 437 000	27 269 000	26 424 463
330 HELSETASJON	2 442 000	2 442 000	2 442 000	2 442 000	2 461 000	0
331 NAV	2 127 000	2 077 000	2 027 000	1 977 000	2 800 000	2 552 137
332 BARNEVERN	2 482 000	2 482 000	2 482 000	2 482 000	2 669 000	4 744 303
350 HELSETENESTER	5 928 000	6 408 000	6 408 000	6 408 000	6 019 000	6 203 563
420 TEKNISK VAR	4 020 000	4 510 000	3 990 000	4 010 000	4 027 000	4 264 915
430 TEKNISK DRIFT	22 930 000	23 278 000	23 113 000	22 913 000	22 605 000	19 692 170
450 LANDBRUK OG NÆRING	166 000	166 000	166 000	166 000	165 000	813 381
600 FINANS OG OVERFØRINGAR	-169 792 000	-163 361 000	-161 379 000	-160 916 000	-173 580 000	-171 809 604
TOTALT	0	0	0	0	0	0

- Det er lagt opp til reduksjonar i flyktningbudsjettet, som både reduserer inntekter og utgifter.
- Reduksjonar i skulebudsjettet hausten 2019, som får heilårsverknad i 2020.
- På barnehagane er det lagt opp til 6 born per vaksen, mot 5,7 tidligare, ved full barnehagedekning.
- Fellesområde finans og overføringar får redusert netto resultat, blant anna på grunn av redusert integreringstilskot og auka avdrag og renter.
- Kostnadsreduksjonar er implementert generelt på fleire ansvar for å få budsjettet i balanse. Dette er omtala av rådmannen og kommunalsjefane i eigne punkt under kapittel 4.
- Samarbeid er også lagt til grunn på nokre område og dette reduserer kostnadene.
- Vedlikehaldsbudsjettet under Teknisk er redusert frå fyrste utkast, men inneheld likevel fleire naudsynte større postar. Det blir mindre vedlikehald, dersom vi får avhenda dei to barneskulane. Budsjettet på Teknisk og VAR aukar fortrinnsvis på grunn av auka avskrivningar.
- Landbrukskontoret er finansiert frå næringsfondet.

Økonomiplan 2019 - 2022

2.2.3. Løn og pensjon

Løn og pensjon er oppstilt som følger;

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Lønnsutgifter	138 233 683	134 688 000	132 361 000	125 665 000	124 750 000	124 525 000
Sosiale utgifter	25 786 510	25 361 000	27 612 000	27 785 000	30 691 000	29 518 000

Det er lagt opp til reduserte lønskostnader gjennom tiltak. Lønskostnadene på Bufellesskapet er borte frå 2018, og kostnader og inntekter knytt til flyktningar går ned. Lønskostnadane er reduserte både i skulen og på fleire område på Helse og omsorg, for å få budsjettet i balanse. Medarbeidarar i administrasjon som har slutta, er delvis ikkje erstatta 2018, og dette får heilårsverknad i 2019. Informasjonsmedarbeidar er ikkje vidareført etter at prosjektperioden på 3 år er avslutta. Det er lagt opp til å styrke byggesak og lønskostnadene på ressurskrevjande har auka over tid. Endring i lønskostnader fører automatisk til endring i pensjon og arbeidsgjevaravgift, men disse postane er og avstemt mot oppstillingar frå pensjonskassene.

Pensjonskostnadene varierer svært mykje med den årlege reguleringspremien, som blant anna bygger på datolønsvæksten. Både reguleringspremie, tilbakeføring av avkastning frå pensjonsfonda og premieavvik viser store variasjonar dei ulike åra og gjer budsjettertinga ekstra utfordrande.

Premieavviket¹ medfører ikkje kontanttransaksjonar, men må først slik myndighetene har bestemt. Premieavvik blir inntektsført, avsett og ført motsett veg neste år. Føringsane går i 0 over 2 år, men påverkar netto driftsresultat det einskilde år. Premieavviket påverkar dei sosiale kostnadene og netto driftsresultat, men blir utjamna mot fondsføring, slik at dei normalt ikkje påverkar budsjettbalansen.

Årleg reguleringspremie² pensjon har historisk ofte vore høg ved lønnsoppgjjer og låg ved mellomoppgjjer. Dei åra vi har låg reguleringspremie, så har vi avsett midlar for å bruke dei i åra det er høg reguleringspremie. På denne måten får vi jamna ut svingingane i reguleringspremien. Dei aller siste åra har datolønsvæksten vore låg og det har vore mindre differanse mellom hovud- og mellomoppgjjer.

2.2.4. Kraftinntekter

Skjåk kommune får årlege kraftinntekter som styrkar driftsnivået og gjev fast inntekt på næringsfondet. Oppstilling av kraftinntektene er som følger;

		2019Bud	2018Bud	2017 Rg
Avtalekraft og konsesjonskraft	Drift	9 900 000	9 900 000	9 900 000
Eigedomsskatt	Drift	13 691 000	13 691 000	14 691 752
Konsesjonsavgift	Næringsfondet	7 370 000	7 300 000	7 361 586
Naturressursskatt	Drift (redusert inntektsutjamning)	12 000 000	12 000 000	11 732 336
Sum brutto inntekter frå kraft		42 961 000	42 891 000	43 685 674
Avdrag og renter avtalekraft	Drift	-2 889 000	-2 804 000	-2 704 230
Sum netto inntekter frå kraft		40 072 000	40 087 000	40 981 444

Kommunen får redusert inntektsutjamning på grunn av inntekter frå naturressursskatten.

Ikkje motteke skattegrunnlag for 2019 på eigedomsskatt frå Sentralskattekontoret.

¹ Premieavvik er teknisk føring av differansen mellom innbetalt premie med fradrag for berekna pensjonskostnad i pensjonskassene og går i 0 over 2 år.

² Reguleringspremie er ei årleg innbetaling for å justere opp opparbeida pensjonsmidlar etter lønnsauke mm.

Økonomiplan 2019 - 2022

Inntektene er reduserte dei siste åra både når det gjeld overføring frå Skjåk Energi og eigedomsskatt. Over tid er det litt auke på konsesjonsavgift. Vi har ikkje motteke grunnlag for 2019 på eigedomsskatt og både eigedomsskatt, naturressursskatt og konsesjonsavgift er budsjettert på grunnlag av historikk.

Skjåk Energi blir truleg gjort om til AS i 2019. Det er behov for å justere overføringsavtale mellom Skjåk kommune og Skjåk Energi og vurderingane knytt til overføring vil blir gjort i slutten av 2018 og vil truleg gjelde frå 2019. Aktuelle budsjettposter i 2019 er knytt til gjeldande avtale, men kan da måtte endrast etter ei ny avtale.

Eigedomskatteinntektene har gått ned, både fordi staten tek meir, rammene for utskrivning er endra og fordi lønsemda er redusert i kraftbransjen. Maskinar og elektroniske anlegg blir utfasa over 7 år frå og med 2019. Eigedomsskatten er omtala i eiga sak tidligare i år.

2.3. Investeringar

2.3.1. Samleoversikt

Investeringer bruttokostnader	M	Ans	Ten	Prosj	2019	2020	2021	2022	
Barnehagar strukturelle endringar	A	1	430	2210	778			37 284 000	
Carporter omsorgsbustader ved Brannstasjon B	2	430	2653	204	600 000				
Skjåkhallen	A	3	430	3810	420		25 388 000	11 906 000	29 140 000
Flombelysning Bismo stadion	B	4	430	3810	287	1 000 000			
Eigendel flaumsikring	A	5	102	3609	440	4 000 000			
Sentrumsplan (uavklart finansiering)	B	6	102	3350	411	3 000 000			
Utskifting av gateljosarmatur	B	7	420	3333	228	500 000	500 000	500 000	
Regiondata	8	150	1205	115	463 000	250 000	250 000	250 000	
Bilpark	9	310	2543	298	500 000	500 000	500 000	500 000	
Eigenkapitalinnskott KLP	10	600	1720	615	770 000	780 000	790 000	800 000	
Avdragsutgifter startlån	11	600	2833	601	1 350 000	1 400 000	1 500 000	1 500 000	
Renovering og tilbygg Bismo vassverk	12	420	3401	416		300 000	3 000 000		
Oppnose - nytt vassverk inkludert prosjektering	13	420	3404	293	300 000	5 000 000			
Bismo avløpsnett, utbetre ledningsnett og kum	14	420	3531	413					3 000 000
Aurmo avløpsnett, utbetre ledningsnett og kum	15	420	3532	414				2 000 000	
Sum totalt					12 483 000	34 118 000	20 446 000	72 474 000	
Sum samla alle 4 år									139 521 000

Merknader;

A) Det manglar inndekning på avdrag og renter og investeringa er førebels ikkje med i budsjettboka, når det gjeld avdrag og renter.

B) Det manglar inndekning frå fond. Sal av bustader er aktuelt. Inndekning må identifiserast og være på plass før iverksettelse.

Oversikta syner brutto kostnader per investering. Detaljane knytt til finansiering går fram av budsjettboka. Det er ikkje lagt inn finansiering av renter og avdrag på flaumsikring, Skjåkhallen og ny barnehage, fordi det ikkje var rom for det i budsjettet. Det må arbeidast vidare med finansiering på prosjekta som gjeld carporter, flombelysning, gatelysarmatur og sentrumsplan, da disse manglar reell finansiering. Dette betyr at prosjekta ikkje kan setjast i gong, før reell finansiering er identifisert innanfor eit budsjett i balanse.

Økonomiplan 2019 - 2022

2.3.2. Skjåkhallen

Skjåkhallen er den viktigaste sosiale møteplassen i Skjåk og samlar hundretals barn, ungdom og vaksne kvar veke til ulik fysisk aktivitet på tvers av interesser og alder. Ein slik møteplass med tilhøyrande aktivitetstilbod utgjer ein sterk positiv faktor innan det offensive proaktive folkehelsearbeidet.

Skjåkhallen er eit solid bygg, men etter å ha vore i drift i nærmare 40 år utan større påkostingar, er tida komen for bygningsmessige utbetringar og utskifting av tekniske installasjonar. Dersom ikkje renovering av Skjåkhallen blir prioritert nå vil ein merke aukande forfall, bygget og dei tekniske installasjonane vil snart være umoglege å drifte.

Sintef Byggforsk vart i 2017 bestilt til å utrede tilstanden til betongkonstruksjonar og fliskledde flater i symjehallen. I følgje rapporten som er utarbeida av Sintef Byggforsk er tilstanden på desse bygningsdelane gode og vil fungere ei fleire år med regelmessig vedlikehald. I tillegg gjorde Sintef Byggforsk ei vurdering på dei tekniske installasjonane, der dei tilrår ei oppgradering. Sintef Byggforsk er kritiske til driftsforma med stadig endring av temperaturen i bassengvatnet.

I kommunestyresak sak 23/17 vart det gjort vedtak på å utarbeide eit kostnadsoverslag for renovering av eksisterande bygg, inkludert ENØK-tiltak, oppgradering av branntekniske løysingar og dusj-/garderobeløysingar for personer med nedsett funksjonsevne. Kostnadsoverslaget skulle byggjast opp slik at renovering skal kunne skje etappevis.

Nordplan AS ble engasjert for å tilpasse skisseprosjektet frå 2014 til å gjelde renovering av bygget med de tilpassingar som ligg i mandatet og nytt kostnadsoverslag. I tillegg til renovering av bygget har tilbygg for terapibasseng vore vurdert. Likeså påbygg på taket over midtfløy for matte- og styrketrening. Kostnadsoverslaget har følgjande oppbygging:

INVESTERING	Byggetrinn 1. Vestfløy (svømmehall)					Byggetrinn 2. Terapibasseng	Byggetrinn 3. Austfløy (idrettshall) og mellombygg				Totalt
	Renovering svømmehall	Teknisk rom og 2 etg.	Heis og HC garderobe	Garderober kjeller	Oppgrader til TEK 10		Oppgrader til TEK 10 og renovering	Hallgolvg og tribune	Ny kiosk	Garderober mellombygg	Sum totalt
KOSTNAD											
Rammekostnad eks mva	5 534 386	5 306 853	2 026 560	2 232 000	5 210 706	9 524 403	16 960 000	1 000 000	520 000	4 832 000	53 146 908
Mva komp	1 383 596	1 326 713	506 640	558 000	1 302 677	2 381 101	4 240 000	250 000	130 000	1 208 000	13 286 727
Rammekostnad inkl mva	6 917 982	6 633 566	2 533 200	2 790 000	6 513 383	11 905 504	21 200 000	1 250 000	650 000	6 040 000	66 433 635

Ein del av desse tiltaka vil kunne delfinansierast med spelemidlar og det er sendt søknad om idrettsfunksjonell godkjenning. Terapibasseng kan delfinansierast med spelemidlar dersom minstemålet er på minimum 12,5 x 8,5 m. Terapibassenget som er kostnadsrekna i byggetrinn 2 er på 57 m² og fell derfor utafør minstemålet for spelemiddelfinansiering. Enøk-tiltak vil kunne delfinansierast med ENOVA-midlar.

Finansiering vil etter oppstilling over sjå slik ut, dersom ein får om lag 1/3 i tilskot;

INVESTERING	1 trinn	2 trinn	3 trinn	Totalt
KOSTNAD				
Rammekostnad eks mva	20 310 505	9 524 403	23 312 000	53 146 908
Mva komp	5 077 626	2 381 101	5 828 000	13 286 727
Rammekostnad inkl mva	25 388 131	11 905 504	29 140 000	66 433 635
FINANSIERING				
Mva.komp	-5 077 626	-2 381 101	-5 828 000	-13 286 727
Spelemidlar	-6 702 467		-7 692 960	-14 395 427
Lån	-13 608 038	-9 524 403	-15 619 040	-38 751 481
Sum finansiering	-25 388 131	-11 905 504	-29 140 000	-66 433 635

Kor mykje vi får i spelemidlar er usikkert og dette kan bli mindre enn det som er stipulert.

Økonomiplan 2019 - 2022

Driftsøkonomiske konsekvensar

Totalrenovering av Skjåkhallen vil automatisk føre til ei oppgradering av dei byggtkniske konstruksjonane til TEK 10/17. Dette vil mellom anna føre til tilleggsisolering av yttertak og ytterveger, noko som vil gi gevinst i lågare fyringsutgifter. Energiforbruket i Skjåkhallen er stort i dag og alt er basert på elektrisk oppvarming. Etter ei renovering vil ein stor del av energien koma frå jordvarme.

Dei tekniske installasjonane i Skjåkhallen er alle modne for utskifting. Installasjonane er tunge og drifte, treng tett oppfølging for å fungere som dei skal og det har etter kvart vorte vanskeleg å få tak i reservedelar når noko ryk sund.

Det er forslag om å bygge eit terapibasseng (byggetrinn 2) i tilbygg til symjehallen som skal halde konstant temperatur på 34 grader. Slik som bassenget blir drifta i dag blir bassengvatnet varma opp til 34 grader ein dag i veka. Ved etablering av terapibasseng kan Skjåk kommune tilby varmtvassbading 7 dagar i veka.

Andre viktige moment i vurderinga knytt til terapibasseng er:

- Tempertursvingingar er svært uheldige for bassengkonstruksjonane.
- Varierende temperaturar er proporsjonal med vaierande avdamping, noko som gir ustabile driftsføresegrer for ventilasjon- og avfuktingsaggregat.

Skjåk kommune kan kontinuerleg tilby å bade i varmt vatn når bassenget er ope.

Ei gjennomføring av heile investeringa vil påverke driftsbudsjettet med om lag 2 millionar kroner i avdrag og renter med 30 års avdragstid og 2% rente.

2.3.3. Vatn, avlaup og renovasjon

Det er egne planar for vatn, avlaup og renovasjon både når det gjeld investeringar og vedlikehald.

Fleire kommunale vegar har dei siste åra vorte reasfaltert og fått betydeleg kvalitetsheving, men det er fortsatt eit stort behov for at arbeidet fortset. Dei kommunale bruene i Skjåk blir etter krav, inspiserte av eksternt firma kvart år. Dei avdekkjer ei rekke små feil, dei fleste estetiske.

Ofossen bru skal bli ferdigstilt 23. november. Entreprenøren fekk utsatt fristen rundt ei veke da Skjåk vart ramma av flaum i haust. Prosjektet har elles gått bra med ingen store overraskingar.

Dei fleste av gateljosa i Skjåk kommune er kvikksylvlampar, såkalla HQL-pærer. Desse er nå forbodne og er ikkje å oppdrive lenger. I år har ca. 70 armaturar vorte utskifta til LED og ein håpar på at dette kan fortsetja i dei neste åra, da dette gjev store innsparingar i straumutgiftar.

Vassverka i Bismo, Uppnose og Øyberget står ovanfor nødvendige oppgraderingar i tida som kjem. Skjåk kommune har fått eit krav frå Mattilsynet om at UV-anlegga i Uppnose og Bismo må utskiftas, da desse ikkje lenger er godkjente. Øyberget vassverk må utvidast om ein skal kunne forsyne heile Dønfoss camping med vatn når dei er ferdig utvida. Kjelda til Øyberget er svært ustabil og ein må sjå på alternativ.

Det er stort fokus på leidningsnett frå sentrale hald. Nasjonale mål seier at 2 % av leidningsnettet skal skiftast ut kvart Landsgjennomsnitt for lekkasjar er på ca. 30 % og Skjåk kommune er nok ikkje mykje betre. I år har fleire punkt i Aurmo vorte rehabilitert, som eit punkt på oppsida av riksveg 15 og utskifting av to kummar i Elvevegen, den eine som eit resultat av flommen. Dette har gjort at ein har fått halvert vassmengda inn på Aurmo renseanlegg, noko ein da kan sjå att i reduserte straum og kjemikaliekostnadar. Dette arbeidet må fortsetja da det er mange fleire dårlege punkt på leidningsnetta i Skjåk.

2.3.4. HFF bustader

Prosjektet består av riving av eksisterande bygg og bygging av 3 heildøgns omsorgsbustader og 3 avlastningsplassar under same tak. I tillegg skal det byggast eit frittstående leilegheitsbygg med to omsorgsbustader som ligg rundt same tunet og i umiddelbar nærleik til hovudbygget.

Prosjektet har ei brutto kostnadsramme på 35 millionar kroner. Det er gjeve tilsegn om investeringstilskott frå Husbanken på inntil 13,2 millionar kroner.

2.3.5. Barnehagestruktur

Kommunestyret vedtok framtidig barnehagestruktur i sak 81 i 2017. Medan vi ventar på gjennomføring av barnehageutbygginga er det vedteke å leige inn modulbygg til Bismo barnehage for å auke kapasiteten, jamfør kommunestyresak 50 i 2018. Bygging av ny barnehage er avhengig av reduserte kostnader eller økte inntekter for å få plass til nye avdrag og renter. Eit låneopptak og tidspunkt for investeringa må også vurderast opp mot handlingsreglen som kommunen har på gjeldsgrad. Investeringa ligg førebels inne sist i planperioden.

2.3.6. Sentrumsplan

Kommunestyret godkjente i 2011 revidert sentrumsplan for Bismo som inneheld både nye tiltak og vedlikehald av eksisterande infrastruktur. Av større tiltak er fortau langs nordsida av riksveg 15, ny bussterminal, ny bussoppstillingsplass ved ungdomskulen og skatepark gjennomført. Sentrumsutvikling er ein viktig del av samfunnsutviklinga, og påverkar trivnaden både til dei som bur i og utanfor sentrum i Skjåk. Sentrumsutforminga er og viktig med tanke på besøkande.

I 2017 har ei arbeidsgruppe lagt fram ein rapport med tiltak som supplerer gjeldande sentrumsplan. Miljø- og næringsutvalet har prioritert kva tiltak ut frå denne supplerande planene som skal gjennomførast.

Prioriterte oppgåver:

- Banner/vimpler langs rv. 15 ved større arrangement
- Stenge Almenningsvegen forbi 1-10 skule
- Opprustning av portaler langs rv. 15, blomster og utsmykking langs rv. 15
- Tilrettelegging med stig til Huldreholet
- Parkeringsplasser ved bussterminal
- Restaurering Skeimoplassen, asfalt, belegningsstein, kantstein, beplantning

Fleire av desse tiltaka krev eiga løyving før vi kan starte.

2.3.7. Tomteområde

Aurmo og Uppnose har ledige utbyggingsklare tomter. I Bismo vart det i trinn 2 for Skei lagt til rette for 21 nye bustadtomter ovafor Skjåkheimen. 6 av desse er øyremarka kommunalt bruk og 7 er alt bebygde. Det er da att 8 tomter og 2-3 av desse er vanskeleg å få selt, fordi dei er bratte og har dårleg grunn.

Trinn 3 vil gje 10 nye tomter ovafor det gamle gardstunet i Skei.

Kostnadsoverslaget er på 4,285 millionar kroner.

Området som er omfatta av tidlegare Skamsar camping er under omregulering og vil gje 7 bustadtomter og eit areal på 4 dekar som er tenkt nytta til omsorgsbustader.

Kommunen har erverva arealet til omsorgsbustader og dei 5 tomtene som ikkje er bygd på og det er enkelt å gjera området byggjeklart.



2.4. Balansepostar

2.4.1. Eigedomar og anlegg

Skjåk kommune har over tid bygd og teke godt vare på sine anlegg. Kommunen har ei stor og funksjonell bygningsmasse, langt betre enn kommunar som er vesentleg større enn oss. Ny skule er teken i bruk og ombygging på Skjåkheimen er ferdigstilt. Nye HFF bustadar står for tur i 2019. Kommunen har mange bustader, og høg standard på ungdomskule og administrasjonsbygg.

Skjåkhallen er klar for renovering og det er viktig at vi klarer å finansiere trinn 1 i 2020. Det er og ynskje om å bygge ny barnehage, og tiltaket ligg inne sist i planperioden. Det er jamt over høg standard på bygningsmassen også i to av barnehagane, men det er også behov for auke i kapasiteten, som i fyrste omgang blir løyst ved leige av modulbygg.



Økonomiplan 2019 - 2022

2.4.2. Fond

Fondsituasjon er slik for udisponert kapital;

- På næringsfondet står det igjen vel 1,483 millionar kroner etter løyvingar til og med oktober. Fondet får påfyll med vel 7,3 millionar kroner ved årsskifte. Grunnfondet er på 3,277 millionar kroner, men det er førebels øyremerka 3 millionar kroner i kostnader i forbindelse med flaumen i haust.
- Det er igjen 786 000 kroner disposisjonsfondet etter oktober.
- På ubunde investeringsfond står det igjen 2,2 millionar kroner etter oktober. Midlane er føresettt brukt til investeringar i 2019.

Det blir lagt fram full oversikt over fonda både samla og på detaljert nivå når rekneskapen for 2018 blir lagt fram.

2.4.3. Arbeidskapital

Arbeidskapitalen omfattar omløpsmidlar som bankinnskott, fordringar og premieavvik, med frådrag for kortsiktig gjeld og ubrukte lånemidlar. Dette tilsvarar likviditetsreserve, fond og siste års resultat. Kommunen sin arbeidskapital har utvikla seg slik dei siste 5 åra;

Kortsiktig egenkapital - arbeidskapital	2017	2016	2015	2014	2013
Omløpsmidler	125 421 303	125 361 537	120 926 443	142 551 959	129 667 242
Kortsiktig gjeld	-41 011 097	-36 116 558	-34 156 329	-29 897 693	-27 458 422
Ubrukte lånemidler	-15 854 918	-20 341 717	-19 576 800	-37 690 230	-23 686 284
Arbeidskapital aktiva	68 555 288	68 903 262	67 193 314	74 964 036	78 522 536
Likviditetsreserve	-16 939 000	-16 139 000	-14 195 984	-15 839 000	-15 639 000
Fondsmidlar	-49 256 645	-47 177 925	-46 550 751	-51 236 557	-52 704 385
Rekneskapsmessig overskot/ underskot	-2 359 642	-5 586 336	-6 446 579	-7 888 479	-10 179 151
Disponible midlar passiva	-68 555 288	-68 903 261	-67 193 314	-74 964 036	-78 522 536

Skjåk kommune har hatt god arbeidskapital over tid, blant anna på grunn av høg likviditetsreserve, men den er redusert sidan 2013, dog mest på grunn av reduserte overskot. Isolert sett har likviditetsreserve og fondsmidlar vore ganske stabile. Det blir ny oppdatering for 2018 når rekneskapen blir avlagt.

Arbeidskapitalen forventast å bli stabil i langtidsperioden 2019 - 2022, da det ikkje er lagt opp til noko stor fondsbruk. Netto kostnadene i forbindelse med flaumen kan likevel trekke ned fondskapitalen først i perioden. Arbeidskapitalen kan også svinge litt med eventuelt nye låneopptak knytt til Skjåkhallen og ny barnehage, og dermed gje variasjonar i ubrukte lånemidlar. Premieavvik³ pensjon påverkar arbeidskapitalen positivt, spesielt i 2020, men her kan det kome nye prognoser.

2.5. Framtidsutsikter økonomi

Skjåk kommune er på mange måtar godt budd på framtida med gode anlegg, høge kraftinntekter og høgt driftsnivå på tenestene.

Det er likevel store utfordringar. Folketalet har over tid gått ned og dette reduserer inntektene, men folketalet har auka etter 3 kvartal i 2018. Kraftinntektene er reduserte og dette er relatert til overføringane frå Skjåk Energi og

³ Premieavviket medfører ikkje kontantstrøm, men er ein differanse mellom teknisk utrekning av kostnad og innbetalt premie

Økonomiplan 2019 - 2022

eigedomsskatt. Frå 2019 ligg det inne forslag om å redusere grunnlaget for eigedomsskatt på elektroniske anlegg, maskiner og produksjonslinjer.

I 2019 skal kommunen betale avdrag på ny skule. Det er behov for å oppgradere Skjåkhallen og ynskje om ny barnehage. Renter og avdrag har auka over tid. Vidare er det vedtak om å redusere bruken av næringsfond internt, og dette er også lagt til grunn i budsjettet for ei prosjektstilling som har vore finansiert frå næringsfond. Kostnadene til enkelte brukarar har auka mykje dei siste åra. Noko av kostnadsauken blir dekt av tilskot.

Vi har hatt og vil truleg ha utfordringar med å få budsjettet i balanse. Vi må heile tida arbeide for å frigjere handlingsrom gjennom å effektivisere driftsnivået, også for å finansiere aktuelle investeringar. Det er viktig at kommunen fylgjer handlingsreglane, da disse fastset lånegjelda på eit høgt nivå og netto driftsresultat korrigerert for momskompensasjon på eit lågt nivå.

Vi har oppnådd og vil oppnå effektar av strukturelle endringar, både i omsorgstenestene, ny struktur på skule og eventuelt barnehage framover. Ellers er det lagt opp til enda meir samarbeid med nabokommunen for å styrke fagmiljøet og drive meir effektivt.

3. Medarbeidarar

3.1. Hovudmålsettingar

Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs. Målet for personalpolitikken er å rekruttere, halde på og vidareutvikle arbeidstakarane. Dette for at kommunen som organisasjon kan drivast på ein effektiv måte, og gje best mogleg tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Personalpolitikken skal leggest opp med sikte på høg grad av trivsel for å oppnå optimal utnytting av personalressursane.

Kommunen sine medarbeidarar skal vere løysingsorienterte. Leiarane skal oppmuntre til sjølvstende og i stor grad delegerer mynde. Leiinga skal og oppmuntre til nytenking og toleranse.

Kommunen har vedteke etiske retningslinjer som skal bidra til bevisstgjerjing av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre holdningar og handlingar påverkar den tilliten som innbyggjarane skal ha til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål og dilemma er nødvendig for å utvikle eit godt etisk og fagleg skjøn.

3.2. Arbeidstid og heiltidskultur

Omgrepet «ufrivillig deltid» har den seinare tida endra ordlyd til «heiltidskultur». I det ligg ein intensjon om at det er heiltid som skal vera utgangspunktet og norma – deltid er unnataket. I gjeldande hovudtariffavtale er dette nedfelt i kapittel 1. Skjåk kommune har dei siste åra arbeidd aktivt i lag med dei tillitsvalde for å redusere ufrivillig deltid og etablere ein heiltidskultur. Heiltid er også ei satsing gjennom arbeidet med plan for arbeidsgjevarpolitikk og –strategi.

I 2018 har vi hatt RO, (ressurssenter for omstilling i kommunane), inne i pleie og omsorg i samband med arbeid med ny turnus. Det har vore utsendt to spørjeundersøkingar om tilsette kunne tenkje seg å vere med på ei prøveordning med langvakter i helgene. Gjennom å jobbe langvakter på helg kan tilsette få lengre perioder med fri og sjeldnare arbeid på helg. Målet er at vi kan redusere talet deltidsstillingar og at det skal bli rolegare og betre for bebuarar/brukarar i samband med denne endringa i turnus. Ordninga med langvakter skal vere frivillig, men arbeidsgjevar ser at dei som ikkje skal jobbe langvakter kan måtte jobbe noko oftare helg.

Ved tilsetting i nye stillingar ser arbeidsgjevar i lag med dei tillitsvalde om det kan vere fortrinnsberettiga i forhold til reglane i Arbeidsmiljølova. Som det går fram av lova i § 14-3 har deltidstilsette fortrinnsrett til utvida stilling framfor at arbeidsgjevar fortek ny tilsetting. Deltidstilsette som siste 12 månader jamleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid kan også ha rett på utvida stilling.

Det vert ved alle utlysingar av ledige stillingar vurdert korleis ein kan få til størst mogleg stillingsstorleik, m.a ved å slå saman fleire mindre stillingar. Deltidsstillingar er ikkje gunstig for korkje drifta, brukarane, arbeidsgjevar eller arbeidstakar. Rådmannen har eit mål om å få lagt fram retningslinjer for heiltid i samband med rullering av plan for arbeidsgjevarpolitikk og –strategi. I samband med dette arbeidet er det sett ned ei arbeidsgruppe samansett av tilsette i leiinga og tillitsvalde.

3.3. Fråvær

Skjåk kommune er ei IA-kommune som jobbar målretta for å redusere sjukefråvær blant sine tilsette og styrke arbeidet med tilrettelegging, både for å unngå sjukmeldingar, og for å lette attendeføring av sjukemeldte til jobb. I dette arbeidet er relasjonen mellom den enkelte arbeidstakar og næraste leiar særst viktig. Samarbeid og samhandling med fastlege, NAV og bedriftshelseteneste er også viktig i dette arbeidet.

Skjåk kommune har hatt eit varierende sjukefråvær dei siste åra. Ved utgangen av september 2018 er fråværet så langt dette året på under 6%. Dette er lågare enn det var på same tid i 2017.

Forskning viser at det ikkje er enkle faktorar som forklarar sjukefråvær. Dette er eit samspel mellom arbeidstakar, leiar, lege og NAV, og det vil kunne vere både private og arbeidsplassrelaterte grunngevingar. Likevel vil sjukefråvær koste samfunnet og arbeidsplassen store summer kvart år, i tillegg til at det er ei bær for den enkelte sjukemeldte. Det er viktig å presisere at folk må kunne vere sjuke og få ei adekvat medisinsk behandling, og at dei er sjukemeldte som ein del av det.

Generelt kan vi seie at korttidsfråværet i Skjåk er ganske lågt, det er langstidsfråværet som dreg opp statistikken mest. Vi har også enkelte tenesteområde som har høgare fråvær enn andre.

3.4. Kompetanseutvikling og rekruttering

Skjåk kommune arbeider med kompetanseplanlegging i forhold til kompetansebehovet i tenestene og behovet for kompetanseutvikling/rekruttering på stutt og lengre sikt. Enkelte tenesteområde er noko lenger kome enn andre, som skule og barnehage.

Rekruttering og kompetansetiltak blir ofte lite målretta og tilfeldig, dersom ein ikkje vurderer dette systematisk ut frå oppgåver og behov for kompetanse i tenestene. Kompetanseutval med rådmann, ass. rådmann, kommunalsjefar, personalkonsulent og hovudtillitsvalde handsamar søknadar frå tilsette som søker om støtte til utdanning. Ein del utdanningar på ulike område, (gjeld til dømes kompetanse for kvalitet for lærarar), har eigne reglar for ekstern finansiering.

I ein del tilfelle er det aktuelt å leggje til rette for intern kompetanseheving innan, eller på tvers av, tenesteområda. Samarbeid på tvers av kommunegrensar kan også leggje til rette for kompetanseutvikling innan enkelte område. Den digitale utviklinga gjer at det etter kvart er enklare å fylgje opplæring og undervisning over nettet. Dette er ofte rimelegare og krev mindre reising enn tradisjonelle opplegg. E-læring gjev nye moglegheiter for kompetanseheving innan mange felt. Lærlingar

Tilrettelegging av tilbod til lærlingar, og tilrettelegging for å ta imot lærlingar er viktig. Det er mange grunnar for å ta imot lærlingar. Dette er viktig i rekrutteringssamanheng, og kommunen har eit samfunnsansvar for å leggje til rette for at ungdom har skuletilbod og kan få fagbrev. Det å ta inn lærlingar er med på å stimulere til kvalitetsutvikling av tenestene våre, og lærlingane er ein viktig ressurs som medarbeidarar i kommunen.

Det har den siste tida vore fokus på å auke talet på læreplassar, og ved å leggje til rette med fleire og gode læreplassar i kommunen vil dette vere ein del av omdømmebygging for Skjåk kommune. Ved utgangen av september 2018 har vi 8 lærlingar totalt. Dette er fordelt på 4 ulike fag. 2 på IKT-servicefag, 3 barne- og ungdomsarbeidarar og 2 helsefagarbeidarar og 1 institusjonskokk. Skjåk kommune er godkjent lærebedrift i totalt 6 fag, dette er barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, kontor- og administrasjonsfag, IKT-servicefag, institusjonskokk og dataelektronikkfaget. Vi har ein intensjon om å ta inn totalt 4 nye lærlingar kvart år i økonomiplanperioden, og desse skal vere fordelt på ulike fag.

4. Presentasjon av hovudområde

Rådmannsfunksjon frå 1.1.2019:



4.1. Administrasjon og støttefunksjonar

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018	Regnskap 2017
100 RÅDMANN	7 345 000	7 345 000	7 345 000	7 345 000	7 127 000	7 143 701
101 KULTUR	1 392 000	1 392 000	1 392 000	1 392 000	1 670 000	1 683 976
102 PLAN, MILJØ OG BEREDSKAP	5 033 000	5 033 000	5 033 000	5 033 000	4 258 000	4 020 956
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIK	1 833 000	1 836 000	1 836 000	1 836 000	1 902 000	1 460 807
104 ØKONOMI	3 673 000	3 672 000	3 672 000	3 672 000	3 550 000	3 011 727
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJON.	10 836 000	10 836 000	10 836 000	10 836 000	11 274 000	11 087 420

4.1.1. Stab



Støttefunksjon slik vi kjenner den vil ikkje lenger bestå i 2019. Tenestene som har ligge til støttefunksjon skal fordelast på rådmannens stab og kommunalsjef for oppvekst og utdanning.

Sørvistorg og arkiv

Sørvistorget er det fyrste innbyggjarar og besøkande møter når dei kontaktar Skjåk kommune. Nesten all kommunikasjon går gjennom Sørvistorg og arkiv. Det har vore store kutt i Sørvistorg og arkiv det siste året. Det er no viktig at ein held på dei ressursane vi har. Arbeidsmengda på arkiv er aukande og endrar seg raskt i takt med digitaliseringa og fleire vertskommunesamarbeid. Alle tenester Skjåk har vertskommuneansvar for skal ha arkivteneste i Skjåk. Dette betyr at arkiv i Skjåk også tener innbyggjarane i Lom.

Økonomiplan 2019 - 2022

Det er planlagt nytt arkivprogram frå 2020. Dette betyr ei auka arbeidsmengde i 2019, da ein må avslutte det gamle og førebu nytt system. Dette er arkivet til heile kommunen, og vertskommunesamarbeida.

IT

Samtlege tilsette i Skjåk er avhengige av IT-tenesta for å kunne yte dei tenestene dei skal til publikum og brukarar. Kommunale digitale tenester må haldast operative slik at dei tilsette har dei digitale verktya dei treng. Lom og Skjåk har felles IT-teneste der Skjåk er vertskommune, og er del av det regionale samarbeidet gjennom Regiondata.

IT-tenesta er ein viktig støttespelar for dei andre tenestene når dei skal digitalisere arbeidsflyten.

Tildelingskontoret

Tildelingskontoret er eit forvaltningsorgan som handsamar alle søknader innan pleie- og omsorgstenesta i Lom og Skjåk kommune. Dei fattar vedtak om tenester og tildeler parkeringsbevis og transporttenester. I tillegg er koordinerande eining ein lovpålagt funksjon som er lagt til Tildelingskontoret.

Det er aukande forventning om tildeling av ulike tenester, samt at publikum er meir bevisst sine rettar. Det krev brei fagleg kunnskap innan sjukepleie, ergonomi, sakshandsaming, eigenbetaling og juss for å fatte gode og rette vedtak.

Skjåk folkebibliotek

Skjåk folkebibliotek er ein uformell møteplass for alle. Skjåk folkebibliotek er ein god og viktig kulturformidlar og har mange arrangement. Vi ligg over gjennomsnittet for Norge når det gjeld utlån og besøk. 11 500 besøk og 17 000 utlån.

For å klare å halde ope på kveldstid og laurdagar og møte krav som ligg i Forskrift i opplæringslova §21.1 er det naudsynt å styrke Skjåk folkebibliotek med barne- og ungdomsbibliotekar. Slik kan vi møte behovet med 1-10 skule i Bismo. Det er funne rom i forslaget for å styrke bemanninga i biblioteket med 0,25 årsverk frå 1.1.2019.

Økonomi

Avdelinga består av 4 årsverk, økonomisjef, medarbeidarar på løn, rekneskap og fakturering. 4 kommunar samarbeider om skatteoppkrevjarfunksjon og 6 kommunar samarbeider om arbeidsgjevarkontroll. Vågå kommune er vertskommune for samarbeidet.

4.1.2. Miljø, plan og beredskap

Tenesta er ein stabsfunksjon under rådmannen og utgjer 2 årsverk med desse hovudarbeidsområda:

- Plan og beredskap
- Naturforvaltning, miljøvern og kraft

I tillegg kjem tilsette i Lom og Skjåk brannvesen. Ny byggesaksbehandlar kjem på plass i juni 2019, og fram til da leiger kommunen inn saksbehandlar på timebasis. Skjåk kommune kjøper oppmålingstenester frå Vågå kommune tilsvarande 40% stilling.

Forslag om etablering av felles plankontor med Lom kommune er til politisk behandling i november 2018.

På beredskapsområdet har vi overordna beredskapsplan og risiko- og sårbarheitsanalyse godkjent av kommunestyret i 2016. Ein ser at beredskapsarbeidet blir ein større del av kommunen sitt arbeid i tida framover, både som fylgje av endringar i klima og andre forhold.

Økonomiplan 2019 - 2022

Planstrategi

For kvar valperiode skal det utarbeidast ein planstrategi som viser kva planer kommunen vil prioritere i perioden. Det skal takast omsyn til Nasjonale forventningar i dokumentet. Planstrategien for Skjåk vart vedteken hausten 2016.

Kommuneplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i februar 2018. Arealdelen er under utarbeiding og vil truleg bli sendt på høyring tidleg i 2019.

Klimaplan

Gjeldande klimaplan vart godkjent av kommunestyret i 2010. Målet med planen er at kommunen skal bidra aktivt til at nasjonale målsettingar blir nådd når det gjeld energiomlegging, energieffektivisering, reduksjon av klimautslepp og betre utnytting av ressursane i vasskraft og skog.

Planen har ei rekke tiltak som krev løyvingar. Energieffektivisering på kommunale bygg er teke med i budsjettframlegg til teknisk drift.

Tiltak som ifølgje klimaplan bør bli sette i verk:

- Innkjøp av el-bilar
- Innføring av miljøveke (informasjon) 50 000 kroner per år
- Enøk-tiltak private husstandar 100 000 kroner per år

4.1.3. Oppsummering av viktigaste endringar frå 2018 til 2019

Ansvar 100 -150 og 420 - 450 Rådmann	2018	2019	2020	2021	2022
Budsjett 2018	56 578 000	56 578 000	56 578 000	56 578 000	56 578 000
Korrigert for endring i avskrivningar					
Korrigert for deflator løn		1 150 000	1 150 000	1 150 000	1 150 000
Korrigert for endring pensjon					
Netto driftsramme før tiltak	56 578 000	57 728 000	57 728 000	57 728 000	57 728 000
Endringar i 2019 i forhold til 2018					
100 RÅDMANN		38 000	38 000	38 000	38 000
101 KULTUR		-318 000	-318 000	-318 000	-318 000
102 PLAN, MILJØ OG BERDEDSKAP		665 000	665 000	665 000	665 000
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING		-119 000	-116 000	-116 000	-116 000
104 ØKONOMI		33 000	32 000	32 000	32 000
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJONAR		-718 000	-718 000	-718 000	-718 000
420 TEKNISK VAR		-107 000	383 000	-137 000	-117 000
430 TEKNISK DRIFT		25 000	373 000	208 000	8 000
450 LANDBRUK OG NÆRING		1 000	1 000	1 000	1 000
Netto driftsramme		57 228 000	58 068 000	57 383 000	57 203 000

- Ressurs på kultur er redusert i 2018 etter at medarbeidar slutta og tiltaket har heilårsverknad i 2019.
- Det er behov for å styrke plan og byggesak og tiltaket må også sjåast i samheng med kutt i stilling som assisterande rådmann.
- Stillingskutt assisterande rådmann har delvis effekt i 2018, og effekten er derfor større enn det som kjem fram i tabell over, i og med at reduksjonen er fordelt på 2 år.
- Vedlikehald under Teknisk er justert noko ned, men frå eit høgt nivå.

4.2. Oppvekst og utdanning

Leiarstruktur i Oppvekst og utdanning:



	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018	Regnskap 2017
200 OPPVEKST OG UTDANNING	5 122 000	5 122 000	5 122 000	5 122 000	5 725 000	5 299 596
201 FLYKTNINGAR	4 582 000	1 635 000	388 000	155 000	4 830 000	6 971 956
211 DØNFLOSS BARNEHAGE	3 966 000	3 966 000	3 966 000	3 966 000	4 080 000	3 802 673
212 HOLEMORK BARNEHAGE	3 865 000	3 865 000	3 865 000	3 865 000	3 447 000	3 326 590
213 BISMO BARNEHAGE	4 040 000	4 040 000	4 040 000	4 040 000	4 214 000	4 020 891
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	24 050 000	21 375 000	21 375 000	21 375 000	25 008 000	1 561 363
221 REKTOR NORDBERG BARNESKULE	0	0	0	0	0	9 242 354
222 REKTOR MARLO BARNESKULE	0	0	0	0	0	5 668 336
223 REKTOR SKJÅK UNGDOMSSKULE	0	0	0	0	0	10 382 008
240 KULTURSKULE	1 805 000	1 805 000	1 805 000	1 805 000	1 912 000	1 782 723

Det er lagt inn som vilkår at skuleskyssen skal fylgje lovbestemte skyssgrenser. Innsparing kr 50 000.-.Elevar i 1. klasse må bu minst 2 km frå skulen og elevar i 2. til 10. klasse må bu minst 4 km frå skulen. Barn med serlege behov vil få skuleskyss. Grunngeving: Dei fleste som bur nærare skulen enn desse grensene, har gang og sykkelveg. Dei som har «farlig skuleveg» vil få vedtak om skuleskyss etter søknad.

4.2.1. Barnehage

Skjåk kommune har i 2018 utfordringar med å få nok barnehageplassar til alle. Vedtektene har ikkje gjeve nødvendig grunnlag til å sikre sysken plass i same barnehage. Det er no vedteke å få på plass eit modulbygg ved Bismo barnehage slik at alle som har søkt barnehageplass skal få plass.

Det er fullt i Dønfoss naturbarnehage og i Holemork barnehage. Nokre ungar i Holemork står på venteliste til Bismo. Når Bismo barnehage får på plass modulbygget vil den bli fylt opp med ungar på venteliste og nye søkarar. Det kan gje noko ledig kapasitet i Holemork. Framleis vil det vere ungar som får plass i for eksempel Holemork sjølv om dei har Bismo som fyrsteval. Dei kan då velje å stå på venteliste til ledig plass i Bismo.

Revisjon av vedtektene er til politisk behandling i november 2018. Desse gjev mellom anna sysken prioritet til plass i same barnehage.

Økonomiplan 2019 - 2022

Leiinga av barnehagane vil bli lagt om til ein styrar for tre barnehagar, der to av barnehagane har eigen avdelingsleiar. Avdelingsleiarane vil ha delegerte oppgåver for å dekke opp for den daglege leiinga av barnehagen. Styrar blir overordna avdelingsleiarane og underlagt kommunalsjef. Dette vil ikkje føre til reduksjonar i driftskostnadar.

Nye sentrale retningslinjer

Hausten 2018 vart ny bemanningsnorm for barnehagane gjeldande; maksimalt 6 plassar pr. vaksen i barnehagen. Samtidig vart pedagognorma endra til minst ein pedagog pr. 14 plassar. Med små barnehagar kan det vere utfordrande å få dekkja heile dagen med forsvarleg bemanning, særleg når vi justerer bemanninga etter tal på ungar og det ikkje er fullt i barnehagen.

Tiltak for å få 2019 budsjettet i balanse

I budsjettforslaget har vi lagt bemanninga på minimumsnorm (6 plassar pr vaksen). Vilkåret er at det er fullt i barnehagen. Vaksenressursen er vesentleg for personalet si oppfylging av den enkelte unge og sikre at ingen blir utsett for mobbing og krenkande åtferd. Barnehagane og skulen skal delta i nasjonal satsing på inkluderande skule- og barnehagemiljø dei neste to åra. Reduksjonen i vaksentettleiken gjer arbeidet for eit trygt og inkluderande miljø meir krevjande.

4.2.2. Skjåk barne- og ungdomskule

Hausten 2018 vart Skjåk barne- og ungdomsskule opna. I dag er det 215 elevar på skulen. Frå hausten 2019 er elevtalet 199 elevar.

Reduksjonar lagt inn i budsjettet:

- Kantina blir avvikla frå 2019.
- Reduksjon av 6 lærarårsverk frå 1.8.2019
- Reduksjon av 0,7 årsverk fagarbeidar frå 1.8.2019
- Det blir ikkje ressursar til delingstimar i basisfag
- Med unntak av 1. klasse blir det ein kontaktlærer pr. klasse

Det er i tillegg fleire ønskte nye tiltak som det ikkje funne plass til i budsjettet.

Enkeltvedtak etter opplæringslova § 5.1 – spesialundervisning

Elevar som blir kartlagd og vurdert av Pedagogisk psykologisk teneste vil ha krav på ekstra ressursar dersom det blir vurdert at dei ikkje har eit fullverdig utbytte av undervisninga utan ekstra tilretteleggingar. PPT tilrår vanlegvis enten spesialpedagog eller pedagogiske medhjelparar (assistentar). Det er og slik at PPT vurderer eleven sine behov i samanheng med dei ressursar som er i klassen. Er det tilstrekkeleg kompetanse og vaksenressursar i klassen til at eleven kan få nødvendig hjelp innafor dei rammene som er frå før, får eleven ei tilråding utan ressurs. Det betyr at PPT gjev råd til kva tiltak som bør leggest til rette for eleven utan at det trengst settast inn nye ressursar. I dag har vi 10 elevar med enkeltvedtak utan ressurs. Dersom bemanninga er slik at dei ikkje vil få den hjelpa dei har behov for, blir det tilrådd ekstra ressurs. Når no delingsressursar blir borte slik at det blir berre ein lærar i kvar klasse, kan det føre til fleire enkeltvedtak med ressurs. I budsjettet for 2019 er det lagt inn 3,2 årsverk til spesialpedagogisk hjelp. Dette dekker eksisterande tiltak. Det er ingen «reservepott» som kan omdisponerast ved behov.

Tidleg innsats

Det er i Statsbudsjettet for 2019 løyvd eigne midlar til styrka lærarinnsats på 1.-10. trinn. Midlane skal vere varige. Deler av midlane skal brukast til «varige tiltak» som auka faste stillingsressursar og deler av midlane til «fleksible tiltak». Dei signal som er kome for budsjettet 2019 er at desse midlane blir vidareført. Men det er noko uklart enno om dei er lagt inn

Økonomiplan 2019 - 2022

i ramma eller om dei framleis kjem som øymerke midlar. Opplæringslova § 1-4 er ny frå august 2018 og pålegg Intensiv opplæring som ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det skal være ein kortvarig og målretta innsats frå skulen i lesing, skriving eller rekning for elevane som har behov for det. Målet er at elevar som treng det, raskt skal få eigna støtte og oppfølging slik at problema ikkje får mogelighet til å utvikle og forsterke seg vidare i opplæringsløpet.

I budsjettet er det lagt inn ekstra pedagogressurs i 1. klasse. I tillegg er det lagt inn ressursar til deling i nokre fag, som Mat og helse, Kunst og handverk og Naturfag. Det er ikkje lagt inn ressursar til ekstra deling i basisfag, verken på barnesteget eller ungdomsteget. Det er heller ingen ressursar som kan «omdisponerast» inn mot elevar eller grupper av elevar som måtte trenge ekstra tiltak, jf. Opplæringslova §1-4.

Desentralisert kompetanseutvikling

Den nye modellen for den nasjonale kompetansesatsinga i skulen er organisert regionvis og i tett samarbeid med høgskulane. I Nord-Gudbrandsdalen er det Høgskulen i Innlandet (HINN) som er samarbeidspart. Det blir overført statlege midlar til regionen via fylkesmannen. Desse midlane skal brukast til skulebasert utviklingsarbeid i samarbeid med HINN. Regionen ved 6K-Oppvekst lagar plan for utviklingsarbeidet som grunnlag for overføring av midlar. I tillegg blir Kompetanse for kvalitet vidareført.

4.2.3. Kulturskule

Felles kulturskule med Lom

Frå 01.08.2018 vart kulturskulen i Lom og Skjåk slege saman til ein skule med Skjåk som vertskommune. Arbeidet med å samle desse skulane til ein felles skule pågår skuleåret 2018-19. Utvikling av felles kultur og felles praksis er viktig for at dette skal bli ein fellesskule, der både elevar, foreldre og tilsette opplever dette som ein skule og ikkje to med felles leiing.

Det er og mange praktiske rutinar som må samordnast og innarbeidast, mellom anna foreldrebetaling. Både satsar og ordningar for foreldrebetaling var ulik i dei to skulane. Syskenmoderasjon blir for eksempel no innført i begge skulane. Tidlegare var det berre Lom som har hatt dette.

Tiltak for å få budsjettet i balanse

Nettokostnadene er lagt litt lågare i 2019 enn i 2018. Det er tillegg sett som vilkår, i samsvar med vedtaket om samanslåing, at harmonisering av økonomifordelinga skal skje fram mot 2020. Det betyr at frå skuleåret 2019-20 må dette vere på plass.

4.2.4. Flyktningar, vaksenopplæring og PPT

Flyktingtenesta og vaksenopplæring

Det blir truleg ikkje busette nye flyktningar i Skjåk i 2019. Ei jamn busetting er ein føresetnad for finansiering av flyktingarbeidet. Når det ser ut til å ikkje bli ny busetting i 2019 betyr det at vi må redusere kostnadane. Drifta vart redusert med eit halvt årsverk i flyktingtenesta våren 2018.

Elevtalet i vaksenopplæringa vil gå ned frå hausten 2019. Frå hausten 2019 vil det vere nødvendig å redusere med 50% i vaksenopplæringa.

Arbeid med å slå saman flyktingtenesta og vaksenopplæringa med Lom er starta opp. Målsettinga er at flyktingtenestene blir slegne saman frå årsskiftet medan vaksenopplæringa blir slegne saman frå hausten 2019.

Økonomiplan 2019 - 2022

Det er ikkje venta at ei slik samanslåing vil redusere driftskostnader i fyrste omgang, men det vil sikre kompetanse og redusere sårbarheit i tenestetilbodet.

Vågå kommune vil i løpet av våren 2019 vurdere å bli med i eventuell fellesteneste med Lom og Skjåk.

Interkommunale samarbeidstiltak (PPT)

Skjåk kommune deltek i regionalt samarbeid om Pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Dette er ei lovpålagt teneste som er sakkunnig instans i vurdering av barn sine behov og rett til spesialpedagogiske tiltak. Målet er at tenesta skal ha brei kompetanse i dei vanlegaste utfordringane for elevar i barnehage og grunnskule. Kostnadane blir fordelt mellom kommunane etter avtalt fordelingsnøkkel.

4.2.5. Oppsummering av endringar i økonomiplan frå 2018 til 2019

Ansvarsområde 200-299 Oppvekst og utc	2018	2019	2020	2021	2022
Budsjett 2018	49 216 000	49 216 000	49 216 000	49 216 000	49 216 000
Korrigert for reduksjon flyktningbudsjett					
Korrigert for deflator løn		1 240 000	1 240 000	1 240 000	1 240 000
Korrigert for endring pensjon					
Netto driftsramme før tiltak	49 216 000	50 456 000	50 456 000	50 456 000	50 456 000

Endringar i 2019 i forhold til 2018

200 OPPVEKST OG UTDANNING	-743 000	-743 000	-743 000	-743 000
201 FLYKTNINGAR	-368 000	-3 315 000	-4 562 000	-4 795 000
211 DØNFOSS BARNEHAGE	-214 000	-214 000	-214 000	-214 000
212 HOLEMORK BARNEHAGE	328 000	328 000	328 000	328 000
213 BISMO BARNEHAGE	-284 000	-284 000	-284 000	-284 000
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	-1 588 000	-4 263 000	-4 263 000	-4 263 000
240 KULTURSKULE	-157 000	-157 000	-157 000	-157 000

Netto driftsramme	47 430 000	41 808 000	40 561 000	40 328 000
--------------------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

Flyktningbudsj. er sektorovergripande og endring 2018 må sjåast mot red. inntekt A600 og netto fondsbruk

Ansvar 200 Oppvekst og utdanning

Det er lagt inn som vilkår at skuleskyssen skal fylgje lovbestemte skyssgrenser, dette vil gje ei innsparing på kr 50 000.

Ansvar 201 Flyktningar

- Det er ikkje lagt opp til at vi tek i mot flyktningar i 2019 og vi har heller ikkje fått oppmoding om dette.
- Flyktningbudsjettet har mange usikre postar i ei nedtrappingsfase.
- Det er lagt opp til 50% redusert personalressurs frå hausten 2019.
- Det blir arbeid med fellesteneste med Lom. Felles flyktningsteneste frå 1.1.2019 og felles vaksenopplæring frå 1.08.2019.

Ansvar 211 – 213 Barnehagane

- Bemanninga blir redusert i 2019 til minimumsnivå med vilkår av at det er fulle barnehagar (minst 36 plassar i kvar barnehage) frå 1.1.2019.

Økonomiplan 2019 - 2022

- Det blir framleis brukt flyktningmidlar i Bismo barnehage med 40% stilling.

Ansvar 220 Skjåk barne- og ungdomsskule

- Bemanninga i 2019 blir redusert med 6 pedagogårsverk skuleåret 2019-20 samanlikna med skuleåret 2018-19. I tillegg blir det redusert med 70 % fagarbeidar.

Ansvar 240 Kulturskule

- Skjåk sin del av kostnadane ved kulturskulen blir vidareført på dagens nivå.
- Det blir innført syskenmoderasjon .

Arbeidet med harmonisering av tilbod og kostnadsnivå i begge kommunane, blir gjennomført fram mot hausten 2019.

4.3. Helse og omsorg

Sektor for helse og omsorg:



	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018	Regnskap 2017
300 HELSE OG OMSORG	2 099 000	1 949 000	1 949 000	1 949 000	2 030 000	2 407 626
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	22 690 000	22 690 000	22 690 000	22 690 000	24 538 000	24 239 968
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	27 366 000	25 437 000	25 437 000	25 437 000	27 269 000	26 424 463
330 HELSETASJON	2 442 000	2 442 000	2 442 000	2 442 000	2 461 000	0
331 NAV	2 127 000	2 077 000	2 027 000	1 977 000	2 800 000	2 552 137
332 BARNEVERN	2 482 000	2 482 000	2 482 000	2 482 000	2 669 000	4 744 303
350 HELSETENESTER	5 928 000	6 408 000	6 408 000	6 408 000	6 019 000	6 203 563

Budsjettarbeidet innan helse- og omsorgssektoren har også i år vore svært krevjande, ikkje minst med tanke på at rammene i sektoren har blitt kraftig redusert dei seinare åra, spesielt frå 2016 til 2017. For at kommunen skal kome innafør rammene i 2018, har sektoren måtte gjennomføre betydelege reduksjonar. Dette er nærare omtalt i punkt 4.3.6

4.3.1. Pleie og omsorgstenester

Skjåk kommune har svært gode helse- og omsorgstilbod, og tenestene som blir levert er av høg kvalitet. Enda eit steg i omsorgstrappa er på plass no ved at den nye rehabiliterings- og korttidsavdelinga ved Skjåkheimen står ferdig, og avdelinga skal baserast på tett samarbeid mellom institusjon og heimebaserte tenester. Vedtak om bygging av nye Skamsargjeilen med oppstart hausten 2018 vil også bety mykje for organisering og ressursutnytting innafør ressurskrevjande tenester i åra framover. Nye arbeidstidsordningar kan bidra til naudsynt omstilling i tenestene, og vil ha

Økonomiplan 2019 - 2022

positiv effekt både sett frå brukar-, tilsette- og arbeidsgjevarperspektiv. Auka helsesamarbeid med andre kommunar i Nord-Gudbrandsdalen vil også gje meir robuste og kompetente tenester som kan ivareta dei stadig aukande krav og pålegg frå sentralt hald.

Institusjon

Skjåkheimen, med omsorgsbustader i nærleiken som lettar presset på institusjonsplassar, har gjort det mogleg å foreta ei vridning av tenestetilbodet frå institusjon til meir heimebaserte tenester. Denne vridinga har skjedd over fleire år, og i budsjettet for 2019 er rammene for institusjon betydeleg lågare enn for heimebaserte tenester. Terskelen for å få institusjonsplass har blitt høgare, heilt i tråd med føringane i regjeringa si kvalitetsreform «Leve hele livet».

Ombygginga av Skjåkheimen med 11 nye korttids-/rehabiliteringsplassar vil bidra til å gje brukarar kort og intensiv hjelp og behandling slik at dei kan returnere til heimane sine etter endt opphald på Skjåkheimen. Sjølv om vi berre aukar talet på institusjonsplassar med 1, frå 35 til 36, vil hyppig rullering av korttidsplassane, saman med gode ergo- og fysioterapiressursar, bidra til at mange fleire kan nytte seg av eit slik korttidstilbod.

Det har gjennom fleire år blitt gjennomført betydelege reduksjonar med m.a. reduksjon i grunnbemanning dag/kveld og helg. Sært tillegg løn og pensjonskostnader auka mykje i 2018. Renter og avdrag for ombygging av Skjåkheimen på ca. kr 400 000 blir finansiert innafor dei tildelte rammene.

Innføring av ny arbeidstidsordning med langvakter på helg er føresett å gje relativt store driftsfordelar, og ein antar at dette kan bidra til å redusere lønskostnader med ca. 800 000 pr. år. I tillegg må ein halde ca. 150 % stillingsheimlar vakante for å kome inn i den tildelte ramma. Nivå for opphaldsbetaling på Skjåkheimen er forventa om lag på same nivå som i 2018.

Heimetenester

I tråd med nasjonale føringar, held Skjåk kommune fram med å styrke heimetenesta. Dette for at flest mogleg skal få bu heime så lenge som mogleg. Eldreomsorga i Skjåk utfører gode tenester til innbyggjarar med behov for tenester. Dette syner og brukarundersøkingar. Vi har ei god tildeling av tenester, etter etablering av tildelingskontor. Tradisjonelt har terskelen for å motta heimetenester vore relativt låg, men ein ser dette som eit viktig ledd i det førebyggjande arbeidet slik at flest mogleg meistarar å bu heime. Gjennom «Det store brannløftet» har vi motteke tilskott frå Gjensidige til m.a. å montere brannvarsling på tryggingssalar. Dette er viktig brannførebyggjande arbeid som aukar sikkerheita og tryggleiken til heimebuande.

Førebyggjande arbeid som hindrar og forsinkar utviklinga av helseplager for alle deler av befolkninga må få høg prioritet. *Kvardagsrehabilitering* blei etablert som ei eiga teneste i Skjåk kommune i 2016, der nettopp tidleg intervensjon og førebygging er viktige stikkord.

Kommunen har styrka det førebyggjande helsearbeidet gjennom å engasjere ein prosjektleiar i 100% engasjementstilling. I stillinga ligg mellom anna ansvar for gjennomføring av helseførebyggjande samtaler og utvikling av rehabiliterings- og habiliteringstilbodet. Stillinga er finansiert gjennom statlege tilskott.

For å kome inn i den tildelte ramma er det gjennomført reduksjonar tilsvarande 130 % stillingsheimlar. Ergoterapiressursen er redusert med 50% gjennom samarbeid med Lom kommune.

Tenester for funksjonshemma

For heimetenestene er det svært store utfordringar med høge og uføresette utgifter knytt til ressurskrevjande tenester. Kostnadene er fordelt på fleire tenester slik at både funksjonshemma i heimen og heimesjukepleia har fått auka kostnader. Statlege tilskott dekkjer ikkje på langt nær kostnadene, og kommunen brukar betydelege ressursar knytt til tenestene.

Økonomiplan 2019 - 2022

Avlastning har flytta midlertidig til Prestgarden medan byggeprosessen for nye Skamsargjeilen går føre seg, og ein har lukkast å etablere ei tilfredsstillande teneste i desse lokalitetane. Avlastning har hatt ei gradvis auke i vedtak gjennom dei siste åra, og i 2018 har det vore ei betydeleg auke som følgje av nye vedtak. Kommunestyret har vedteke å bygge nye Skamsargjeilen, som når den står ferdig, vil dekke dei behova kommunen har for mange år framover. Ein vil kunne utnytte kapasiteten og ressursane på ein meir kostnadseffektiv måte, og det er lagt inn ei forventet innsparing på ca 150 000 allereie i 2019 så sant innflyttinga skjer etter planen i oktober. Nye arbeidstidsordningar for avlastning vil også bidra til at ressursane kan nyttast på ein betre måte.

Det er føresett at renter og avdrag på ca 600 000 som oppstår ved bygging av nye Skamsargjeilen skal dekkast innafor driftsbudsjettet til heimebaserte tenester. Heimebaserte tenester vil få styrka ramma med ca 1 mill frå totalramma til helse- og omsorgssektoren for å møte dei auka utfordringane tenestene står overfor.

RO- Ressurssenter for omstilling i kommunene gjennomgjekk og analyserte heile pleie- og omsorgssektoren i 2018, og peika på at ein bør gjere ei grundigare analyse av tenesta for funksjonshemma/avlastning for å sjå på korleis ein kan organisere tenesta optimalt. Dette fordi det har vore ei stor auke i tenestebehovet dei siste åra, som krev mykje ressursar.

I samband med bygging av nye Skamsargjeilen, er det fornuftig å sjå på heile området for ressurskrevjande tenester både kva gjeld organisering, struktur, arbeidstidsordningar etc. RO vil bli engasjert for å bistå oss i dette arbeidet.

Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste (inkl. rusomsorg) er organisert som vertskommunesamarbeid med Lom kommune, der sistnemnde er vertskommune. Alle som arbeider innan helse- og omsorgsfaga har ansvar og plikt til å yte hjelp til den som har rusproblem, på det nivået i organisasjonen som ein arbeider på. Den nye samhandlingsreforma for rus og psykiatri vil stille store krav til den enkelte kommune, og ein ser behov for å styrke dette fagområdet i kommunen. Det ligg ei styrking i rammetilskottet på kr 110 000 for Skjåk kommune sin del. Frå og med 2020 er kommunen pålagt å ha kommunepsykolog, og Fylkesmannen har lyst ut midlar til delfinansiering av ei psykologstilling. Vågå, Lom og Skjåk har gått saman om ein søknad og har fått tilsegn om tilskott på kr 400 000 til å etablere ei interkommunal psykologteneste. Ein vil lyse ut stillinga på nyåret og knyte den til psykisk helseteneste med Lom som vertskommune.

Det vil bli etablert eit regionalt tverrfagleg FACT-team som eit prøveprosjekt i samarbeid med SI som vil drive oppsøkjande verksemd i dei enkelte kommunane.

4.3.2. Helsetenester

Skjåk kommune yter ein del av helsetenestene til sine innbyggjarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle norddalskommunane.

Legetenester

Det har vore ei stabil og god legeteneste i Skjåk det siste året, og ein har lukkast i å oppretthalde alle dei tre leigeheimlane trass i noko utskifting i tillegg til at vi har vore heldige med svært kompetente turnuskandidatar. Det er tilsett ein kreftsjukepleiar i 25 % som også har fungert i eit vikariat. All sårbehandling som tidlegare blei utført på Skjåkheimen, blir no teke hand om på legekantoret i tillegg til å bistå legane med sjukepleiarfaglege oppgåver. Dette har vore svært positivt for legekantoret, og det er ønskjeleg å oppretthalde dette framover så sant det ikkje overstig talet på stillingsheimlar.

Venterom, ekspedisjon og laboratoriet blei rehabilitert i fjor og det blei kjøpt inn nye møblar og armaturar, og framstår no med lyse, moderne og funksjonelle lokalar. No gjenstår berre måling av legekantora og gangen, og det er ønskjeleg at

Økonomiplan 2019 - 2022

det skal gjennomførast i løpet av våren 2019, finansiert via disposisjonsfond. Det vil bli lagt fram ei sak for politisk behandling i løpet av ettervinteren.

Fysioterapi

Det er 2 kommunale fysioterapiheimlar og 1 privatpraktiserande med driftstilskott. Ifølgje Kostra ligg samla fysioterapiressurs over andre samanliknbare kommunar. Det er sjølvstøtt ønskeleg å oppretthalde dette også framover, med tanke på ny korttids- og rehabiliteringsavdeling på Skjåkheimen i tillegg til at vi har mange barn og unge med store trenings- og behandlingsbehov, som legg beslag på fysioterapiressursane. Men, også innanfor dette området må ein vurdere ressursbruken og sjå om ein kan løyse etterspurnaden etter tenester på ein meir ressurseffektiv måte.

Det har vore ei målsetting å få til eit breiare samarbeid med Lom kommune om helsetenester, og det ligg godt til rette for å inngå samarbeid om fysioterapi sidan mange pasientar frå Lom brukar Skjåk fysioterapi. Innehavar av den private heimelen har sagt opp si avtale, og når ein skal lyse den ut på nytt til sommaren, er det naturleg å vurdere om heimelen kan delast mellom dei to kommunane. Det vil gje totalt 5 fysioterapiheimlar i dei to kommunane, noko som bør vere tilstrekkeleg for å dekke behovet for fysioterapitenester. Det vil i så fall bety ei innsparing på ca kr 200 000.

I 2018 etablerte Skjåk ei prosjektleiarstilling for førebyggjande helsearbeid innan helse og meistring, og har fått statlege tilskott opp mot kr 1 mill til ulike prosjekt. Skjåk fekk mellom anna tilskott for å etablere *frisklivstenester* i samarbeid med Lom kommune. Dette for å rette fokus på meir førebyggjande helsearbeid, og tanken er at ein skal jobbe aktivt førebyggjande, både i forhold til barn og unge, men også blant dei «yngre» eldre for å legge til rette slik at dei kan mestre liva sine og bu heime lengst mogleg. Stillinga er knytt til helsestasjonen, lege- og fysio-/ergotarpiteneasta og er fullfinansiert via fondsmidlar ut 2019.

Regionalt helsesamarbeid

Vertskommuneavtale om helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdal omfattar legevaktordning, legevaktvarsling, jordmorvaktordning, 6 intermediære senger, 3 KAD-senger (Ø-hjelp) og kostnader for hjelpepersonell knytt til spesialisthelsetenesta ved NGLMS.

I 2019 vil kostnadene for legevaktvarslinga auke med ytterligere 300 000 i 2019 for Skjåk sin del pga at Nord- og Sør-Fron har trekt seg frå samarbeidet. Legevaktvarslinga har ei total kostnadsramme på ca 8,4 mill, og er ei svært kostbar teneste. Skjåk har spelt inn at det må vurderast å kjøpe denne tenesta frå andre sentralar i landet, alternativt organisere tenesta på ein meir ressurseffektiv måte. Total auke i dei regionale tenestene utgjer ca kr 500 000 og må finansierast innanfor driftsrama.

4.3.3. Helsestasjon

Skjåk kommune jobbar målretta mot førebygging av psykiske og fysiske lidningar blant barn og unge og har ei målsetting om at helse- og velferdstenester retta mot barn og unge skal bli betre koordinerte og av betre kvalitet. I dette ligg ein ambisjon om å fange opp problem, gjera god kartlegging og vurdering, samt setja inn hjelpetiltak så snart som råd – tidleg innsats.

Helsestasjonen har både i 2016, 2017 og 2018 fått tildelt betydelege statlege tilskott for å styrke barn og unge si psykiske helse ved å jobbe førebyggjande. I tillegg får kommunen øyremerka midlar på kr 340 000 som skal finansiere delar av stillinga som miljøterapeut. Desse tilskotta bidreg til fullfinansiering av stillinga som miljøterapeut. Ungdomsklubben og ungdomsrådet skal frå 2019 ligge under oppvekst sitt budsjett.

Økonomiplan 2019 - 2022

4.3.4. Barnevern

Lom og Skjåk barnevernteneste har i dag 4 stillingsheimplar, der 1,5 årsverk er finansiert via styrkingsmidlar frå Fylkesmannen. Talet på aktive saker held seg på eit stabilt nivå, +/- 30 pr år.

Den nye barnevernreforma vil gje den kommunale barneverntenesta fleire og meir krevjande oppgåver og ansvar. For å møte dei nye krava, ynskjer ein å etablere eit meir robust barnevern som skal sikre god opplevd kvalitet for brukarar og innbyggjarar i kommunane ved å slå saman barnverntenestene i heile Ottadalen. I både avtalene som er inngått mellom Vågå/Sel og Lom/Skjåk er det teke inn eit avsnitt om at kommunane er positive til å ta inn fleire kommunar i avtala om dette skulle vise seg aktuelt. Kommunane er da innstilte på at nye kommunar tiltrer på likelydande vilkår og at fordelingsnøkkelen blir endra. Det er Sel/Vågå som er den største tenesta, og det er difor naturleg at vertskommuneansvaret ligg i Sel kommune. Dette blir difor å definere som ei verksemdovertaking der dei tilsette i Skjåk kommune blir overført til Sel kommune som får arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i tenesta. Det er ikkje lagt opp til endringar i budsjettet som følgje av ei eventuell samanslåing. FM har stadfesta at styrkingsmidla vil bli oppretthalden på same nivå sjølv om det blir eit breiare interkommunalt samarbeid.

Frå 1.1.2019 har kommunen plikt til å ha ein akuttberedskap i barnevern, og det er etablert ei regionalt vaktordning for heile N-G etter kommunelova § 28 med Sel kommune som vertskommune. Kostnaden for Skjåk vil utgjere +/- kr 110 000.

4.3.5. NAV

Det målretta arbeidet med å redusere utbetalingar til sosialhjelp og bustøtte har bidrege til ytterlegare reduksjonar i 2018, og budsjettet er difor redusert med ca. kr 700 000.

Det ei stor utfordring i å få sosialhjelpmottakarar utan fagutdanning ut i arbeid, Sysselsettingsgruppa er og blir eit viktig verkemiddel i å få personar over frå passiv sosialstønad til samfunnsnyttig aktivitet, og vera eit springbrett til utdanning og varig arbeid.

Stillinga som leiar av NAV-kontoret har vore vakant nesten heile 2018, men ein har no rekruttert ny leiar som er tilsett frå november 2018. NAV blir stadig meir digitalisert, og ein har i 2018 investert i mobile einingar, så som pc og telefon for å legge til rette for at den oppsøkjande verksemda ut mot bedrifter og brukarar vil auke i åra framover.

4.3.6. Oppsummering av endringar frå 2018 til 2019

Ansvarsområde 300-399 Helse og omsor	2018	2019	2020	2021	2022
Budsjett 2018	67 786 000	67 786 000	67 786 000	67 786 000	67 786 000
Korrigert for deflator løn		1 690 000	1 690 000	1 690 000	1 690 000
Korrigert for endring pensjon					
Netto driftsramme før tiltak	67 786 000	69 476 000	69 476 000	69 476 000	69 476 000

Endringar i 2019 i forhold til 2018

300 HELSE OG OMSORG		19 000	-131 000	-131 000	-131 000
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON		-2 458 000	-2 458 000	-2 458 000	-2 458 000
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER		-583 000	-2 512 000	-2 512 000	-2 512 000
330 HELSESTASJON		-79 000	-79 000	-79 000	-79 000
331 NAV		-743 000	-793 000	-843 000	-893 000
332 BARNEVERN		-257 000	-257 000	-257 000	-257 000
350 HELSETENESTER		-241 000	239 000	239 000	239 000
Netto driftsramme		65 134 000	63 485 000	63 435 000	63 385 000

Økonomiplan 2019 - 2022

Ansvar 310 Institusjon

- Betydelege reduksjonar i 2016, 2017 og 2018 m.a. reduksjon i grunnbemanning dag/kveld og helg
- Særtilllegg løn og pensjonskostnader auka mykje i 2018
- Renter og avdrag pga ombygging skal finansierast innafor ramma (400 000) frå 2018
- Reduksjon som følge av innføring av nye arbeidstidsordningar 800 000
- Delar av fleire stillingar blir halden vakante, totalt ca 150 % stillingsheimlar
- Opprettheld nivå for opphaldsbetaling ved institusjon

Ansvar 320 Heimetenester

- Innslagspunktet er auka med ytterlegare 50' til 1,350.
- Netto kostnadsauke kr 1,3 mill frå 2018 som måtte finansierast innafor ramma. Ytterlegare auke frå 2019 utan auke i tildelt ramme.
- Betydeleg auke i kostnader knytt til avlastning pga nye vedtak
- Betydeleg auke i kostnader knytt til omsorgsløn (+250 000)
- Renter og avdrag på ca 700 000 skal dekkast innafor ramma
- Reduksjon 130% stillingsheimlar totalt
- Samarbeid om ergoterapeutressurs med Lom. Redusert med 50 % stilling
- Nye Skamsargjeilen, kostnadseffektivisering ca kr 150 000
- Naudsynt styrking av ramma med ca 1 mill frå totalramma H/O
- Gjennomgang av miljøarbeidartenesta v/RO i 2019

Ansvar 330 Helsestasjon

- Statlege styrkingsmidlar på kr 340 000. Finansierer 50% miljøterapeutstilling
- Prosjektmidlar psykisk helse barn og unge finansierer 40% miljøterapeutstilling (prosjektleiar)
- Samarbeid med Lom om helsestasjonstenester?

Ansvar 331 NAV

- Arbeids- og aktivitetstlina i NAV for å førebyggje og redusere talet på unge og vaksne sosialhjelpsmottakarar
- Reduksjon i sosialhjelpsutbetalingane held fram i 2018
- Redusert ramma med 700 000. Overført til heimebaserte tenester.

Ansvar 332 Barnevern

- Akuttberedskap barnevern. Ekstrakostnad på kr 110 000 +/-
- Politisk sak om felles barnevernteneste med Lom, Vågå og Sel. Vil ikkje bety endring i kostnader.
- Styrkingsmidlar på ca 1 mill blir oppretthalden
- Noko reduksjon i kostnader knytt til barneverntiltak og fosterheim

Ansvar 350 Helsetenester

- Betydelege kostnader knytt til ny spesialistutdanning
 - Fjerne statleg veileidingstilskott for turnuskandidatar og legar i spesialisering.
 - Søkt Helsedirektoratet om tilskott til kommunar med utfordringar knytt til rekruttering av fastlegar (ca 400 000)
 - Forventa auke i refusjonar frå Helfo for legane Inntektene aukar mykje pga auke i refusjon frå Helfo og pasientbetaling for legetenesta. Ein stabil legesituasjon aukar isolert sett inntektene.
-

Økonomiplan 2019 - 2022

- Reduksjon fysioterapiheimlar; frå 3 til 2,5 gjennom samarbeid med Lom om deling av privat fysioterapiheimel
- Behov for oppussing/måling av legekontora og fysioterapien. Forslag om fondsbruk

Regionale helsetenester

- Auka kostnader legevaktvarsling: kr 300 000 frå 2019. (150' frå 2018, dvs. totalt 450')
- Forventa auke i kostnader IM- og KAD-senger kr 100 000
- Total kostnadsauke regionale helsetenester er på om lag kr 500 000

4.4. Kultur, teknisk og næring

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018	Regnskap 2017
420 TEKNISK VAR	4 020 000	4 510 000	3 990 000	4 010 000	4 027 000	4 264 915
430 TEKNISK DRIFT	22 930 000	23 278 000	23 113 000	22 913 000	22 605 000	19 692 170
450 LANDBRUK OG NÆRING	166 000	166 000	166 000	166 000	165 000	813 381

Næringsavdelinga har lågt netto resultat, fordi avdelinga er finansiert frå næringsfond. I 2017 var landbruk delvis finansiert frå drift.

4.4.1. Kultur

Kultur

Kultur ligg i staben til rådmannen og utgjer ei 50% fast kulturkonsulentstilling, redusert i 2018 frå 2 x 50 % utan at oppgåveporteføljen er vesentleg redusert. Oppgåver lagt til kultur har stor spennvidde, som saksbehandling av kulturmidlar og prosjektmidlar, spelemiddelordninga, administrere faste og meir spontane kulturtiltak/-arrangement, Skjåkpris og kulturstipend, kulturkveld, turløyper og diverse komitear, kontakt ut til lag og foreiningar, museum, kulturminnefondet m.m. Eit særskilt viktig område er kulturminnevernarbeid. Kommunale idrettsanlegg ligg under teknisk etat.

Planar

Revidering av kommunedelplan om kulturminne er under arbeid. Omfattande arbeid som eigentleg krev ressursar utover det etaten disponerer, og spesielt no etter at personalressursane er halvert. Lokal plan, utarbeida i tråd med nasjonale miljømål om forvaltning av kulturminne og fylkeskommunen sin strategiplan for kultur, vil leggje føring for kulturminnearbeidet i åra framover. Riksantikvaren og fylkeskommunen legg trykk på kommunane i kulturminnearbeidet. Heile kommunedelplan om «Fysisk aktivitet og naturopplevingar» skal reviderast. Årleg rullering av handlingsplan.

4.4.2. Teknisk

Tenesta har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleing, drift og vedlikehald av kommunale bygg, plassar, idrettsanlegg og vegar. Forvaltning- og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift av vatn- og avlaupsanlegg og drift av vaskeriet på Skjåkheimen.

Økonomiplan 2019 - 2022

Reinhold

Reinhold av kommunale bygg etter gjeldande reinhaldsplanar. Reingjering av ca. 16 000 m² golvareal. Vaskeriet på Skjåkheimen har ansvar for vask av klede frå institusjon, frå bebuarar i omsorgsbustadar og heimebuande med behov for omsorg. Tenesta utgjer 9,0 årsverk fordelt på 12 stillingar.

Bygg og eigedom

Den kommunale bygningsmassa utgjer ca. 22 000 m². Vaktmeistrane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg med tilhøyrande utomhusanlegg, samt parkar og plassar i Bismo. Vaktmeistertenesta utgjer 5,4 årsverk fordelt på 7 stillingar. Det er ikkje vaktmeisterteneste på kommunale utleigebustadar.

Kvart år blir det avsett for lite midlar til vedlikehald. For å unngå etterslep på vedlikehald bør vedlikehaldsbudsjettet aukast med 2 millionar kroner kvart år. Overskot frå utleigebustadar bør øyremerkast vedlikehald av bygningsmasse.

Veg, vatn og avløp (VVA)

Driftsoperatørane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg og drift av avløpsanlegget til TINE meieriet Lom & Skjåk. Det er totalt 5 kommunale reinseanlegg og 6 kommunale vassverk. I tillegg er det vassverk ved Nordberg og Marlo skule. I tenesta inngår driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg. Vintervedlikehald av vegar (brøyting og strøing) er sett bort til lokale entreprenørar. Tenesta utgjer 3,4 årsverk fordelt på 5 stillingar.

Sysseleingsgruppe

Arbeidstreningssenteret ATS – Dei Gode Hjelparane Lom og Skjåk er ei felles sysseleingsgruppe som skal legge til rette for arbeidstrening, praksisplasser, språkpraksisplasser og sosialisering. Basen er på Ånstad i Skjåk og med avdeling i Eggjelia i Lom.

Talet på sysselette i gruppa vil variere over tid, pr. 01.11.2018 var det 8 personar på tiltak. Desse består av brukarar via NAV, personar som er uføre, personar som har språkpraksisplass og frivillige. Det er og opna for at pensjonistar som framleis ynskjer å være aktive, har et tilbod på dette i gruppa.

Utviding av aktiviteter til gruppa, både med jobbar og med varesortimentet i butikken, er eit arbeid som går kontinuerleg.

Det er 2 tilsette i gruppa, med leiar på Ånstad og avdelingsleiar i Eggjelia.

4.4.3. Næring

Nærings- og utviklingsarbeidet er organisert som ei avdeling under rådmannens sin stab. Stabsavdelinga har seks faste medarbeidarar (inklusive den felles skogbrukssjefen for Vågå, Lom og Skjåk. Til saman utgjer det om lag fire årsverk. Landbruksforvaltninga er ein integrert del av dette. Det same gjeld den treårige stillinga som kommunikasjonsrådgjevar .

Avdelinga er tillagt dei statleg pålagde landbruksforvaltningsoppgåvene som i periodar krev mykje arbeidsinnsats mellom anna til å få inn og kontrollere søknader om produksjonstilskot; saksbehandling av SMIL tilskotsaker, osv. Avdelinga har høg landbruksdagleg kompetanse. Avdelinga har også ansvar for saksbehandling av søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet og råd- og rettleiing til næringsdrivande og ny-etablerarar.

Økonomiplan 2019 - 2022

I 2016 vedtok kommunestyret nye vedtekter for næringsfondet, der det er lagt inn ei ordning med etablerarstipend til nyetablerarar. I dei nye vedtektene er det lagt stor vekt på sysselsettingseffekten av det søknaden gjeld. Det er handsama to søknader om stipend pr. november i 2018.

Næringsavdelinga koordinerer ansvaret for arrangementa Ståk i Skjåk og Hausttakk. I tillegg arrangerte kommunen i lag med Skjåk almenning, Skjåk Energi, Næringsnettverket i Skjåk, Sparebank 1 Lom og Skjåk og regionkontoret i Nord-Gudbrandsdal eit temaseminar om klima og miljø under hatten Skjåk i ver'n. Arrangementa må seiast å vere vellukka, og kommunen tek sikte på å vidareføre desse i 2019.